



Aukra kommune

# Årsmelding 2011



## Aukra kommune



# Innhald

Rådmannens kommentar	1
Utviklingstrekk i Aukra	6
Rekneskapsprinsipp, analyse av resultat og hovudtal	10
Økonomiske hovudoversikter	17
Medarbeidar og organisasjon	20
Serviceavdelinga	24
Økonomiavdelinga	25
Organisasjonsavdelinga	26
Riksfjord skole	29
Julsundet skole	31
Barnebo barnehage	33
Bergetippen barnehage	35
Kultur	37
Pleie og omsorg	39
Helse	41
NAV Aukra	43
Plan og utvikling	45
Teknikk, eigedom og brann	47

# Rådmannens kommentar

## **Økonomi og framtidsutsikter**

Aukra kommune har i løpet av dei seinaste 5-6 åra fått eit godt økonomisk grunnlag, og dette gjer at kommunen kan arbeide langsiktig og målbevisst både når det gjeld tenesteyting og utviklings-/utbyggingstiltak. Det går fram av denne årsmeldinga at økonomien er svært sterk, med eit netto driftsresultat på 24,5 %, knappe 2 % høgare enn i 2010.

Inntektene som følgje av Ormen-utbygginga er naturlegvis årsaken. Med uendra skatteopplegg vil denne positive utviklinga halde fram. Frå 2013-2016 vil det skje ei ytterlegare utbygging på Nyhamna, når gass frå fleire felt i Norskehavet blir ført til Nyhamna. Seinare er det godt muleg at gass også frå Barentshavet vil bli ført til og prosessert ved Nyhamna-anlegget. Dette betyr at Aukra i fleire 10-år framover vil ha ein nøkkelrolle i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt. Aukra kommune bør som konsekvens av dette utvikle strategiar basert på solidaritet og regionale ringverknader.

## **Tenesteyting**

Tenesteytinga i Aukra kommune er gjennomgåande god. Kommunestyret har gjennom årsbudsjett og vedtak i enkeltsaker stilt nødvendige midlar til disposisjon, og den administrative oppfølginga er jamt over god. Det nivået som driftsbudsjetta no er lagt på i gjeldande økonomiplanperiode, oppfattar rådmannen som «omforent» mellom dei politiske partia, og vil vere retningsgivande for rådmannens økonomiske styring. Innafor den totalramma som no er stilt til disposisjon vil det bli arbeidd meir med kvalitetsutvikling, kvalitetssikring, dokumentasjon, etc. Overordna styresmakter stiller store krav til kommunane på m.a. desse områda. Det inneber endå meir fokus på tydelege mål, som er forankra i kommunestyret.

## **Organisasjons- og personalutvikling**

Den administrative organiseringa vart justert frå 1.1.2011. Hovedtrekka i modellen ligg fast, men det må stadig «jaktast» på forbetringar i måten administrasjonen er organisert på og dei styringssystema som blir nytta, i tråd med endring i føresetnader, aktivitet, etc. Den strategiske leiinga vart serleg styrka gjennom oppretting av stillingar som kommunalsjefar. Operativ leiing vart gjennom eiga sak i kommunestyret styrka på fleire områder, slik at einingsleiarar no har fått betre rom for tenesteutvikling, planlegging, etc.

Meir bruk av IKT bidreg til bedre service og enklare tilgang til mange tenester. I 2012 vil arbeidet med å forbetre kommunikasjonen med innbyggjarar og brukarar halde fram, m.a. gjennom arbeid med heimesidene. Internkommunikasjonen arbeider vi med å styrke gjennom innføring av intranett. Kommunestyret vedtok i siste budsjett at også saksdokument til politiske utval skal skje elektronisk, og dette blir gjennomført i løpet av 2012. Dette er eksempel på forbetningsarbeid, mange andre ting kunne vore nemnt.

Både sentrale styresmakter og kommunen sjølv stiller høge krav til tenesteproduksjon, tenesteyting, til utforming av vedtak, til dokumentasjon og kontroll, og dette krev tilsvarande høg satsing på kompetanseheving. Aukra har i 2011 gjennomført allsidige tiltak ihht vedtatt kompetanseutviklingsplan. Denne plana er no under revidering, og vil bli lagt fram for politiske organ.

Svært positivt er det at nærværet har gått noko opp i 2011 i forhold til 2010.

## **Regionale og internasjonale arenaer**

Som følge av at Aukra kommune er ilandføringskommune samarbeider kommunen godt med mange andre aktører. Dette er ei oppgave og ein rolle som er krevjande, og som skil Aukra frå andre små kommunar. Også i 2011 har det vore mange «møteplassar». Det gjeld serleg Shell og deltakarane i lisensen for Ormen Lange, (eksempelvis Dong og Statoil), det statlege infrastrukturselskapet Gassco (som kjem til å overta operatøransvaret på Nyhamna så snart gass frå fleire felt blir ilandført der), det gjeld styresmakter i fylket og på statleg nivå.

Aukra kommune har, saman med kommunane Tysvær, Øygarden, Lindås, Austrheim og Aure, danna nettverket «NPK – nettverk av petroleumskommunar», for å samarbeide om felles utfordringar som ilandføringskommunane har, t.d. taksering av anlegg og eigedomsskatt. Aukra kommune v/rådmannen var aktivt med i etableringsprosessen av nettverket.

Kommunen er medlem av «Norskehavsrådet», sett saman av dei fire fylkeskommunane Møre og Romsdal, Sør- og Nord-Trøndelag, Nordland, samt ei rekkje kommunar i desse fylka som har interesser i gass- og oljenæringa. Dette er eit nyttig samarbeids- og informasjonsorgan på tvers av regionale «grenser», på tross av at både fylkeskommunane og kommunane kan ha motstridande interesser i enkeltsaker. Norskehavsrådet er i stor grad ein politisk arena, der ordføreren har deltatt.

I 2011 meldte Aukra kommune seg inn i «NFKK – Nettverk for fjord- og kystkommunar». Nettverket sitt formål er å arbeide for å fremme kystkommunane sine interesser knytta til sikring av retten til lokal forvaltning av sjø- og kystsona. 46 kommunar er med.

Som vertskommune for Ormen Lange landanlegget vart Aukra kommune i 2010 invitert (via Møre og Romsdal fylkeskommune) til å delta i eit internasjonalt prosjekt («NORA – nordatlantisk samarbejde»), som skal utgreie lokale konsekvensar av store industrietableringar i små lokalsamfunn. Deltakarar er kommunar frå Grønland, Island, Færøyane, samt dansk EU-kontor som sekretariat og ansvar for prosjektleiing.

Lokalt er Aukra viktig samarbeidspart i organisasjonar/selskap som GassROR, GassROR IKS, Gassknutepunkt Nyhamna. Årlege aktivitetar er m.a. gasskonferansen i Bergen, ONS (Offshore Northern Seas) i Stavanger, gasskonferanse (i regi av Gassknutepunkt Nyhamna) i Molde under jazzfesivalen, etc. Gjennom «Samarbeidsavtale 4», som vart godgjent av kommunane i 2011, har Aukra forplikta seg til å vere ei drivkraft i det lokale gass-arbeidet, gjennom GassROR-organa.

*Eg takkar tilsette for godt utført arbeid i 2011!*

Dagfinn Aasen  
Rådmann



# Plan og teknikk

## Overordna planprosessar

Etter ein lengre prosess med omfattande medverknad ble **kommuneplanen** vedteke i juni. I planen er det vedteke at kommunen sin visjon skal vere «Aukra - full av energi!». Kommuneplana definerer fire satsingsområde og kva ein ønskjer å oppnå dei neste åra.

Overordna mål innan kommuneplanen sine satsingsområder:

### Bygdeutvikling:

*Aukra skal vere attraktiv som bukommune, slik at folk trives og vel å bli*

### Nærings- og regionutvikling:

*Aukra skal vere ein meir attraktiv kommune for næringslivet og regionen*

### Tettstad og areal:

*Utvikle Julsundet og tettstaden på Falkhytten*

### Nivå på kommunale tenester:

*Innbygarane skal oppleve god kvalitet på tenestene og kommunen har økonomisk handlefridom*

Kommunestyret vedtok i juni **Strategisk næringsplan**. Planen inneheld strategiar og tiltak for dei næraste åra for meir målretta næringsarbeid.

Fastlandsdelen av kommunen opplever ei positiv utvikling med fleire initiativ og prosjekt. Til å koordinere dei ulike prosjekta ble det mars 2011 etablert ei eiga plannemnd for Julsundet. Nemnda har som mandat m.a å vurdere ulike utbyggingsløysingar og legge fram heilskaplege forslag til investeringsprosjekt. Eit av fokusområda har vore samarbeid med Fræna kommune omkring offentleg tenesteyting, særskild omkring «gjesteelvar».

I juni ingikk kommunestyret ein intensjonsavtale med MFK om å utvikle eit område ved Torhaugmyra til treningsanlegg med storhall og fleire treningsbaner. Til intensjonsavtalen sin utløp 1.juli 2012 skal det arbeidast med å avklare nærare dei arealmessige konsekvensane. Reguleringsplanarbeid for området er i gangsett.

Arbeidet med å planlegge utbygging av basseng og kulturhus på Falkhytten er i gang:

- Utarbeidinga av ny reguleringsplan for dette er starta opp. Som grunnlag for planarbeidet blei det med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune og Aukra næringsforum engasjert to arkitektfirma til å utarbeide, uavhengig frå kvarandre, tettstadsanalysar for Falkhytten. Rapport frå planarbeidet blir lagt fram våren 2012.
- Til å utgreie utbyggingsløysingar, romprogram, kostnader og samarbeid omkring basseng og kulturhus blei det oppretta ei eiga plannemnd. Nemnda skal legge fram rapport mai 2012.

Geir Göncz  
Kommunalsjef



## Skole, barnehage og kultur

### Skolen

Krav om kvalitet og effektivitet er viktige styringssignaler for skole og barnehage. I 2011 vart det gjennomført undersøkingar, tilsyn og rapporteringar som har gjeve grunnlag for bevisst og kunnskapsbasert oppfølging av kvaliteten gjennom prosjekt og kompetanseutvikling. Slik det går fram av tilstandsrapporten, har skolane i Aukra relativt godt med ressursar og undervisningsgruppene er små. Elevane trivst godt med lærarane, medan tema som klasseleiing og mobbing krev styrka innsats. Resultat frå nasjonale prøver viser at skolane må styrke lærarkompetansen innan lesing, rekning og engelsk. Det er relativt lågt tal elevar som får spesialundervisning. Skolane i Aukra har høgare gjennomstrømming av elevar frå grunnskole til vidaregåande skole enn snittet for fylket.

Det er ført statleg tilsyn med begge skolane med vekt på enkeltvedtak innan temaet «elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring», jfr. kap 9A i Opplæringslova. Det er også gjennomført internt tilsyn frå kommunen sjølv som skoleeigar på same tema.

### Barnehagane

Aukra kommune hadde i 2011 full barnehagedekning etter nasjonal standard. Etterspurnaden etter plass i barnehage har vore større enn kapasiteten. Både Bergetippen og Barnebo har drive med overbelegg delar av året.

Kvalitet i innhald, bemanning og kompetanse heng saman. Hausten 2011 vart det gjennomført internt tilsyn på bemanning, jf. frå Lov om barnehagar §§ 8 og 16. Tilsynet avdekte at variasjonar i driftssituasjonen har gjort det vanskeleg til ei kvar tid å ha rett bemanning med rett kompetanse. Begge barnehagane har fokus på kvalitet gjennom målretta pedagogiske arbeidet og faglege utviklingsprosjekt.

Den private barnehagen Trollmyra fekk ekstra tilskot til drift for året 2011/2012..

Mattilsynet førte tilsyn med barnehagane. Avvik er lukka.

### Kultur

I 2010 vart det utarbeidd ein økonomisk analyse for justering av driftskostnadene i både skole og barnehage. Måla for dette vart vedtatt lagt inn i budsjett/økonomiplan 2012-2015.

Kultur dekkjer mange ulike tenesteområde med stor aktivitet. Arbeidet har i hovudsak som mål å skape gode opplevingar og er ein viktig innsatsfaktor for at folk skal trivst og vil bu i Aukra. Ein god kulturskole, gjennomføring av faste kultur-arrangement, godt samarbeid med frivillige og tiltak som stimulerer til god helse er alt saman investering i bulyst i 2011. Kulturområdet er prega av innovasjon og samarbeidsprosjektet «Øyriket Romsdal» kan verte eit viktig bidrag i arbeidet med å marknadsføre Aukra.

### Barnevern

Første mars teikna Aukra kommune ein samarbeidsavtale om barnevernstenester med Molde kommune som vertskommune. Molde kommune overtok det økonomiske ansvaret for barnevernstiltak i Aukra frå 1.7. Tenesta er styrka gjennom samarbeidet, men det tek tid før ein ser effekt og resultat. Tenesta har framleis kontor på Gossen og i Julsundet, og fagpersonar er representert i tverrfaglege fora som er etablert i kommunen. Skulane har fått tilbod om førebyggjande team.

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med barnevernstenesta i Aukra kommune i 2010. Gjennom vertskommunesamarbeidet, implementering av runiner, større fokus på barnevernfaglege vurderingar og dokumentasjon av desse, har Aukra kommune svart på Fylkesmannen sine krav.

Nye meldingar/undersøkingar er gjennomført av felles fagteam i Molde kommune.



Marianne Zalik  
Kommunalsjef

# Helse, omsorg og velferd

## **Samhandlingsreforma.**

Ei av dei største helsereformene i nyare tid vart vedtatt i juni 2011. Ei viktig oppgåve var å få oversikt over omfanget av alle oppgåvene som no vert lagt til kommunen. Det vart oppretta ei tverrfagleg styringsgruppe. Gruppa har i løpet av året gått gjennom forslaga til **samhandlingsavtale** og vedtok at den kunne leggest fram til politisk behandling på nyåret 2012. Alle kommunane skal etter lova ha ein slik avtale som omhandlar samarbeidet mellom kommune og helseføretaket om helsetenester, samt deling av ansvar mellom dei to partane. Fortsatt står deler av avtalen igjen, men desse skal ferdigstillast til 1. juli 2012.

**Omsorgsplan 2020** har som ei av målsettingane å vurdere framtidige utfordringar og endingar i etterspørselen etter helse- og omsorgstenester fram mot 2020. Mykje av det arbeidet som er sett i gang dei siste åra med utgangspunkt i omsorgsplanane kan og nyttast i arbeidet med samhandlingsreforma. Men ny lov og nye krav gir utfordringar på arbeidsmetodar og nye samarbeidsarenaer både internt og mellom helseføretaket og andre kommunar.

## **Samarbeid internt**

Helse, omsorg og velferd inkluderer einingane Helse, Pleie- og omsorg og NAV. Det er danna eit tverrfagleg leiarsteam som nyttar kvarandre sin kompetanse og har felles møter med tema innafor fagområda. Brukaren står i sentrum for arbeidet som vert gjort i einingane, og det er ofte i tverrfaglege samarbeidsfora ein kan leggje grunnlag for å få til tenester av god kvalitet. Samhandling internt er vår viktigaste arena for at brukarane av alle tenester i kommunen opplever service og at vi kan bidra til å bygge godt omdøme.

## **Tilsyn**

Fylkesmannen gjennomførte i 2011 to tilsyn innanfor fagområda helse og omsorg.

- Tilsyn med rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming i Aukra kommune, det vart eitt avvik og ein merknad – avvik er lukka og saka avslutta.
- Det vart og gjennomført tilsyn med sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (NAV), her kom det fram eitt avvik. Aukra kommune har sendt skriv med forslag til lukking av avvik, men saka er enno ikkje avslutta frå Fylkesmannen.

Arbeidstilsynet har hatt tilsyn om førebyggjande innsats mot sjukdom og fråvær. Her kom ei melding attende som gjekk på at dårleg alarmanlegg kunne medføre stress for dei tilsette når dei ikkje var sikre på at systemet fungerte slik det skulle. Leiinga ved Aukraheimen har no bestilt nytt anlegg.

Ingrid Husøy Rimstad  
Kommunalsjef



# Utviklingstrekk i Aukra

## Befolkningsvekst i Aukra 2006-2011

Folketalet held fram med å auke i Aukra. Dette skuldast i hovudsak tilflytting.

Fødselstala var låge i 2011. Det same var talet på døde, slik at det likevel vart eit fødselsoverskot på +7 dette året. Samtidig opplevde kommunen rekordhøg netto tilflytting, noko som skuldast innvandring.

Ein befolkningsvekst på 1,2 % i 2011 er 0,5 prosentpoeng meir enn målsettinga i kommuneplana på 0,7% p.år.

pr.31.12	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Fødde	44	44	37	40	34	25
Døde	26	30	27	35	14	18
Fødselsoverskot	18	14	10	5	20	7
Nettoflytting	25	17	-1	9	32	33
Folkevekst	43	32	9	13	53	40
<b>Folketalet</b>	<b>3142</b>	<b>3174</b>	<b>3183</b>	<b>3196</b>	<b>3249</b>	<b>3289</b>

(Kjelde:SSB)

## Framskriving av folketal

SSB sine framskrivingstal frå juni 2011 baserer seg på folketalutviklinga dei siste 5-6 åra. I denne perioda har Aukra hatt ein gjennomsnittleg vekst på 0,9%.

Framskriving til 2030 fordelt på alder:

	0-5	6-12	13-15	16-19	20-44	45-66	67-79	80+	I alt
<b>2011</b>	272	309	136	168	996	870	323	178	3252
<b>2015</b>	257	323	142	189	1042	880	377	183	3393
<b>2020</b>	278	331	161	175	1098	916	442	178	3579
<b>2025</b>	290	347	146	212	1134	953	467	214	3763
<b>2030</b>	293	363	153	196	1182	1010	447	270	3914

(Kjelde:SSB)

Når det gjeld strukturen i befolkinga, kan ein sjå ein svak tendens til at vi blir fleire i dei eldste aldersgruppene. Denne tendensen vert forsterka ved lågt fødselsoverskotet og lita tilflytting av barnefamiljar.

Befolkningsstruktur i prosent (%):

	0-5	6-12	13-15	16-19	20-44	45-66	67-79	80+	Totalt
<b>2011</b>	8	10	4	5	31	27	10	5	100%
<b>2015</b>	8	10	4	6	31	26	11	5	100%
<b>2020</b>	8	9	4	5	31	26	12	5	100%
<b>2025</b>	8	9	4	6	30	25	12	6	100%
<b>2030</b>	7	9	4	5	30	26	11	7	100%

(Kjelde:SSB)



## Sysselsetting og pendling

Talet på yrkesaktive busett i Aukra held seg stabilt. Det same gjeld talet på pendlarar, medan det er ein nedgang i talet på personar som har arbeidsstaden sin i kommunen.

	Sysselsatte busett i Aukra	Personar som pendlar til Aukra	Personar som pendlar ut av Aukra	Sysselsatte med arbeidsstad i Aukra	Arbeidsplass-dekning
2010	1670	278	701	1247	74,7
2009	1674	290	708	1256	75,0
2008	1670	287	642	1315	78,7
2007	1691	369	637	1423	84,2
2005	1552	171	622	1101	70,9
2003	1497	119	535	1081	72,2
2001	1504	139	531	1112	75,6

## Bustadbygging i 2011

Det vart i 2010 bygd færre rekke/terassehus enn dei føregåande åra. Talet på bygde einebustadar har halde seg stabilt.

I 2011 var det igjen stor byggeaktivitet i kommunen. Det vart gitt løyve til 6 einebustadar (4 på Gossen og 2 i Julsundet) og 33 leilegheiter (12 på Gossen og 21 i Julsundet).

År	Bustadeiningar igangsett
2005	28
2006	30
2007	26
2008	37
2009	32
2010	11
2011	39

## Utdanningsnivå i Aukra

	Prosent				
	Grunnskole	Videregående	Universit/høgskole (kort)	Universit/høgskole (lang)	Uoppgitt/ikkje fullf. utd.
Landet	27,7 %	40,2 %	19,9 %	6,3 %	5,9 %
M og R.	29,3 %	44,2 %	18,1 %	3,3 %	5,1 %
Molde	24,6 %	40,6 %	23,7 %	6,7 %	4,3 %
<b>Aukra</b>	<b>32,7 %</b>	<b>42,0 %</b>	<b>17,5 %</b>	<b>1,8 %</b>	<b>6,0 %</b>
Vestnes	33,8 %	44,2 %	13,2 %	1,9 %	6,9 %
Rauma	32,5 %	46,5 %	14,7 %	2,1 %	4,1 %
Nesset	34,1 %	49,7 %	12,5 %	1,2 %	2,5 %
Midsund	34,4 %	44,5 %	12,3 %	1,8 %	7,0 %
Sandøy	31,5 %	47,0 %	13,0 %	0,8 %	7,7 %
Fræna	36,9 %	44,0 %	13,3 %	1,9 %	3,9 %
Eide	35,0 %	44,9 %	13,9 %	2,0 %	4,1 %
Aure	31,3 %	48,8 %	13,8 %	1,8 %	4,3 %

Kjelde: Fylkestatistikk 2011

Aukra ligg lavt på skalaen når det gjeld innbyggjarar med lang universitet- eller høgskoleutdanning (hovedfag/master), men er blant Romsdalskommunane med størst andel høgskole/universitetutdanna på bachelor-nivå.

### Næringsstruktur 2000-2010

Næringsstruktur Aukra (2000 - 2010.)	Tal sysselsatte										
	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Jordbruk, skogbruk og fiske	122	122	117	110	108	125	133	90	85	81	81
Industri og bergverksdrift	332	356	342	298	181	186	180	328	360	316	361
Bygge- og anleggsvirksomhet	45	59	57	53	83	103	110	134	135	133	90
Varehandel, hotell- og restaurantvirksomhet	78	106	117	112	128	119	217	163	131	111	117
Transport og kommunikasjon	86	73	68	74	77	87	99	108	93	91	83
Finans og forretningsmessig tjenesteyting	27	28	27	42	56	74	230	172	49	50	39
Offentlig forvaltning og annen tjenesteyting	375	367	364	392	402	406	419	427	460	468	467
<b>Sum</b>	<b>1 065</b>	<b>1111</b>	<b>1092</b>	<b>1081</b>	<b>1035</b>	<b>1100</b>	<b>1388</b>	<b>1422</b>	<b>1313</b>	<b>1250</b>	<b>1238</b>

Kjelde: Fylkestatistikk 2011

### Miljøstatistikk

Mengda av restavfall målt i kilo er på veg opp når ein måler pr innbyggjar. Samtidig minkar mengda sortert avfall frå husholdningane.

Avfall i tonn Aukra kommune	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Utsortert papir og papp fra husholdningsavfallet	154	209	199	201	163	168	
Utsortert glass fra husholdningsavfallet	37	38	37	42	42	44	
Utsortert plast fra husholdningsavfallet	22	27	31	34	28	32	
Utsorterte metaller fra husholdningsavfallet	14	15	4	17	42	14	
Utsortert våtorganisk avfall frå husholdningsavf.	126	192	231	295	222	210	
Utsorterte tekstiler fra husholdningsavfallet	9	12	11	12	15	15	
Utsortert mengde farlig avfall fra husholdningene	10	61	12	6	16	35	
<b>Sum utsortert</b>	<b>372</b>	<b>554</b>	<b>525</b>	<b>607</b>	<b>528</b>	<b>518</b>	
<b>Restavfall i tonn</b>	<b>353</b>	<b>615</b>	<b>526</b>	<b>466</b>	<b>345</b>	<b>394</b>	
<b>Restavfall kg.pr.innbyggjar (tal frå RIR)</b>	<b>137</b>	<b>147</b>	<b>138</b>	<b>120</b>	<b>118</b>	<b>122</b>	<b>124</b>

Kjelde: SSB

**KOSTRA - nøkkeltal. Utvikling i dei siste fire år (\*foreløpige tal for 2011)**

<b>Dekningsgrad</b>	<b>2011*</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>	<b>2008</b>	<b>2007</b>
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	89,6	89,4	83,8	83,5	79,1
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	6,6	5,5	5,4	4,3	3,4
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9,1	9,2	8,8	8,8	8,9
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9,1	9,2	9	8,8	8,8
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	20	21,3	22	23,3	21,2
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	1,6	2,0	1,8	1,4	1,2
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	2,3	2,4	1,9	2,6	2
Lengde kommunale veier og gater i km pr. 1 000 innbygger	13	12,9	13,1	13,2	13,2
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	109	111	113	113	98
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	13	13	13	12	13

<b>Produktivitet</b>	<b>2011*</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>	<b>2008</b>	<b>2007</b>
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	152 974	139 557	147 191	145 531	118 285
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202, 222, 223), per elev	115307	114 200	105 330	91 795	81 717
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.til 7.årstrinn	10,5	11,5	10,6	10,6	12,9
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.til 10.årstrinn	11,4	10,4	10,4	10,7	12,4
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av kjernetjenester til hjemmeboende (i kroner)	197 529	172 359	153 319	149 120	127 241
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	793 500	814 217	728 935	690 804	645 283
Brutto driftsutg. pr. km kommunal vei og gate		160 095	139 452	156 548	198 167

<b>Prioritering</b>	<b>201*</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>	<b>2008</b>	<b>2007</b>
Nto dr.utg. per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	113 717	29 746	30 672	31 607	20 409
Nto dr.utg til grunnskoleopplæring per innbygger 6-15 år	122 484	118 278	113 302	101 512	87 545
Nto dr.utg pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	3346	2 667	2 343	1 771	1 581
Nto dr.utg pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	17 981	17 513	15 667	14 278	13 371
Nto dr.utg til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	1 468	1 350	1 490	1 018	930
Nto dr.utg per innbygger 0-17 år, barneverntjenesten	4 330	7 070	6 143	5 456	3 100
Nto dr.utg til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	5 992	5 482	5 007	5 057	4 249

# Rekneskapsprinsipp, analyse av resultat og hovudtal

## **Rekneskapsprinsipp**

Aukra kommune fører rekneskap etter dei kommunale rekneskapsprinsippa som er nedfelt i kommuneloven § 48 og rekneskapsforskrifta § 7.

Driftsrekneskapen skal vise kommunen sine driftsutgifter, driftsinntekter og regnskapsresultat for året. Investeringsrekneskapen skal vise kommunen sine utgifter og inntekter knytt til investeringar, og korleis desse er finansiert.

Kommunane skal stille opp eit "bevillingsrekneskap". Dette rekneskapet vil i hovudsak dekke kommunane sitt eige behov for økonomisk styring, gjennom å gi ei oversikt over bruk i forhold til løyving i årets budsjett. Bevillingsregnskapet kan være forskjellig frå kommune til kommune som følgje av at det skal spegle kommunane sitt eige budsjett.

Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor som betyr at all tilgang og bruk av midlar i løpet av året, skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Dette prinsippet dannar eit best mulig grunnlag for å kunne samanstille budsjett og regnskap gjennom at tidspunktet for tilgang og bruk og ikkje betalingstidspunktet, er utgangspunkt for rekneskapsføringa.

Vidare gjeld bruttoprinsippet i kommunal sektor, som betyr at tilhøyrande utgifter ikkje skal førast til frådrag i inntektene og tilhøyrande utgifter skal heller ikkje kome til frådrag i inntektene. På denne måten kjem aktiviteten i kommunen fram med riktige beløp.

## **Brutto driftsresultat**

Brutto driftsresultat viser resultat av Aukra kommune si ordinære drift, inkludert avskrivning. Resultatet fortel om kommunen sin evne til å betene lånegjeld, finansierer årets investeringar og avsette midlar til seinare års bruk.

## **Netto driftsresultat**

Netto driftsresultat viser differansen mellom kommunens ordinære løpande inntekter (inklusive finansinntekter) og dei løpande utgiftene (inklusive finansutgifter), korrigert for avskrivningar. Denne korleksjonen skjer fordi kommunale rekneskap sitt netto driftsresultat skal innehalde avdragsutgifter, og ikkje avskrivningar.

Eit positivt netto driftsresultat viser at kommunen klarer å finansiere investeringsutgifter og/eller avsette til framtidig drift. Et negativt driftsresultat viser at kommunen tærer på tidligare avsette reserver eller går med underskot. Netto driftsresultat seier noko om kommunen sin handlefridom.

## **Meir/Mindreforbruk**

Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk er eit avvik frå årets vedteke balanserte budsjett.

Mindreforbruk (overskot) er ein positiv saldo etter at netto driftsresultat er disponert i tråd med vedteke budsjett.

Meirforbruk (underskot) er ein negativ saldo etter at netto driftsresultat er disponert i tråd med vedteke budsjett. Ved meirforbruk skal kommunen foreta nødvendige strykingar av vedteken disponering slik det går fram av FKR § 9, 1. ledd.


## **KOSTRA**

Kostra-tal som blir presentert på einingane er førebelse tal pr. 15/3-11

## DRIFTSINNTEKTER

Sum driftsinntekter i 2011 var på 372,3 mill. som er kr. 0,2 mill. høgare enn budsjettert. Samla sett eit uvesentleg avvik, likevel er det innanfor enkelte inntektspostar store avvik.

Sum driftsinntekter har frå 2010 til 2011 auka med kr. 20,3 mill., tilsvarande 5,8 pst.




Kommunen sine frie inntekter frå statlege overføringer og eigedomsskatt:

	2007	2008	2009	2010	2011
Rammetilskot	14 217	21 326	46 952	44 943	73 067
Skatt på inntekt og formue	110 171	96 480	68 432	72 834	72 279
Eiendomsskatt	69 226	132 992	137 336	137 400	137 445
<b>Samla</b>	<b>193 614</b>	<b>250 798</b>	<b>252 720</b>	<b>255 177</b>	<b>282 791</b>

Auke i rammetilskot frå 2010 til 2011 gjeld endra finansiering av barnehagar frå øyremerka tilskot til ein del av kommunane sitt rammetilskot. Samtidig har staten gjort tiltak for å redusere skatteinntekta sin del av samla inntekt frå 45 pst. til 40 pst. Den kommunale skatteøren, som bestemmer kor stor del av samla innbetalte skattar som skal fordelast til kommunane, vart derfor sett ned frå 12,8 % til 11,3 %. Denne reduksjonen vart kompensert gjennom ein auke i kommunane si rammeinntekt.

## DRIFTSUTGIFTER

Sum driftsutgifter var i 2011 kr. 292,3 mill., som er kr. 8,6 mill. lågare enn budsjettert.




Dette skuldast i hovudsak:

- Mindreforbruk på sosiale utgifter med kr. 7,9 mill. på grunn av at kommunen sine pensjonsutgifter har vore kalkulert for høgt, og at ein større del av pensjonspremien i 2011 er dekt ved bruk av premiefond. Reduserte pensjonsutgifter gjev også lågare arbeidsgjevaravgift.

Frå 2010 til 2011 har vi ei auke i sum driftsutgifter på kr. 12 mill., som svarer til ei auke på 4,3 pst.

Brutto driftsutgifter dei siste fem åra fordeler seg i følgje KOSTRA slik: (innanfor det enkelte tenestoområde, som ikkje nødvendigvis samsvarer med einingsnivået i Aukra kommune)

	2007	2008	2009	2010	2011
Administrasjon og styring	15 561	17 593	16 220	18 100	20 025
Barnehager	21 220	26 822	29 087	30 397	33 240
Barnevern	3 651	5 228	5 984	5 598	3 436
Bolig	1 712	1 689	3 248	3 194	2 779
Brann og ulykkesvern	4 348	3 953	4 409	4 661	4 734
Grunnskoleopplæring	45 704	50 449	56 063	61 078	64 983
Kirke	1 595	1 929	1 950	1 994	2 005
Kommunehelse	8 781	8 748	9 073	10 604	12 301
Kultur	7 625	6 660	9 581	10 736	10 382
Fys. planl., kulturminne, natur og nærmiljø	3 465	3 251	4 325	4 851	4 820
Næring	3 707	2 715	3 023	3 823	7 459
Pleie og omsorg	49 352	54 929	59 084	65 853	70 340
Samferdsel	8 479	6 711	5 537	6 829	4 804
Sosialtjenesten	2 256	2 181	2 885	3 565	3 978
Tenester utanfor ordinært komm. ansvarsområde	9 892	26 850	40 369	19 980	19 878
Vann,- avløp og renovasjon/avfall	14 085	10 690	11 443	12 655	15 373




## NETTO DRIFTSRESULTAT

Netto driftsresultat for 2011 er kr. 91,3 mill. som er ei auke på kr. 14,0 mill. høgare enn det som var budsjettert.

Dette skuldast i hovudsak:

- Lågare sosiale utgifter enn budsjettert med kr.7,9 mill.
- Seinare låneopptak enn føresett og ei anna renteutvikling enn kva som var lagt til grunn i budsjettet, ga ei reduserte finansutgifter med kr. 5 mill.
- Renteinntekter har vore for lågt budsjettert ut frå auka bankbeholdning og betra vilkår etter bankanbud (frå 01.12.) kr. 3 mill.
- Høgare lønsutgifter og andre driftsutgifter kr. 2,3 mill.

Samanlikna med rekneskap 2010 er det ein auke på kr. 11,2 mill., som svarer til 14 pst.



**Netto driftsresultat** viser kor stor del av årets driftsinntekter som ikkje er brukt i drifta. Det er anbefalt at netto driftsresultat bør være på minimum 3% av sum driftsinntekter.

Aukra kommune har et netto driftsresultat i 2011 på 91,3 mill. kroner tilsvarande 24,5 % av sum driftsinntekter.

Utvikling i netto driftsresultat (%):

	2007	2008	2009	2010	2011	Gjennomsnitt
AUKRA KOMMUNE	22,6	24,1	23,8	22,7	24,5	23,4
FYLKET	0,3	-3,0	2,2	2,6	0,7	0,9

Utvikling i korrigerert netto driftsresultat (netto dr.res – momskomp. investeringar og premieavvik (%):


AUKRA KOMMUNE	2007	2008	2009	2010	2011
Netto driftsresultat	62 957	83 689	85 744	80 106	91 314
Mva-refusjon investering	-5 085	-4 194	-7 127	-8 024	-18 331
Premieavvik	292	-2 683	3 257	1 185	-641
Korr. nto. dr.resultat	58 164	76 812	81 874	73 267	72 342
Korr. nto. driftsresultat i % av driftsinntektene	20,8	22,1	22,8	20,8	19,4

## REKNESKAPSMESSIG MEIR/MINDREFORBRUK

Mindreforbruk (avvik frå vedteke budsjett) er kr. 48,8 mill., årsaka til mindreforbruket er i hovudsak:

- Større netto driftsresultat enn budsjettet jfr. ovanfor.
- Reduserte overføring frå drift til investeringsrekneskapen i forhold til budsjett på kr. 35,4 mill.

Utviklinga dei siste fem åra har vore slik:



Åra 2007 og 2008 har spesielt høge mindreforbruk noko som samsvarer med at ein desse åra hadde ein høgare eigedomsskatt og skatt på inntekt og formue enn budsjettet.

### Mindreforbruk 2011 spesifisert på einingane:

Ramme	Resultateining	Regnskap 2011	Buds(end) 2011	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2010
10	Sentrale styringsorgan	43 464	47 249	-3 783	-8,0	37 289
20	Riksfjord skole	34 069	33 805	264	0,8	32 945
21	Julsundet skole	14 534	14 585	-51	-0,4	11 820
22	Barnebo barnehage	15 764	16 092	-328	-2,0	3 521
23	Bergetippen barnehage	7 653	7 688	-35	-0,5	2 152
25	Kultur	8 294	8 885	-591	-6,7	13 228
30	Pleie og omsorg	55 459	55 134	326	0,6	50 587
40	Helse	11 193	11 842	-648	-5,5	9 174
50	NAV	4 232	4 233	-1	0,0	4 458
60	Plan og utvikling	3 452	2 902	550	19,0	2 212
62	Teknikk, eigedom og brann	9 213	10 274	-1 062	-10,3	8 985
65	Brann og beredskap	3 889	3 477	412	11,8	4 252



## INVESTERINGSREKNESKAPEN

Frå Kommunal og regionaldepartementet vart det i brev av 07 april 2010 gjeve presisering på forståing av regelverk knytt til budsjettering og rekneskapsføring av investeringar:

- Investeringsbudsjettet er eittårig og ikkje uavhengig av år.
- «Udekkja/udisponert» i økonomiske oversikter side 18 gjeld samla tilgang og samla bruk av midlar i året, og ikkje avvik på den enkelte investeringsrammene eller avvik på enkeltprosjektnivå.
- Med unntak av midlar reservert særskilte formål i følgje lov, forskrift eller avtale (med givar), blir alle midlar i prinsippet rekna som frie. All tilgang på frie midlar i investeringsrekneskapen vil soleis måtte sjåast på som felles finansiering av investeringsporteføljen om dette er nødvendig for å sikre tilstrekkeleg samla finansiell dekning i årets investeringsrekneskap.

Administrasjonen har lagt denne presiseringa til grunn for si rekneskapsføring og budsjettering for 2011. Alle investeringsprosjekt som ikkje er ferdigstilt pr. 31.12.2010 har vore politisk handsama og gjeve nye løyver i 2011.

All finansiering som ikkje var bunden er handsama som frie midlar, og har blitt nytta til finansieringa av investeringane. Investeringsrekneskapet er derfor avslutta med eit resultat utan udekkja/udisponerte løyvingar.

### Om investeringane for 2011 nemnes :

Utgiftsføring i prosjektet Riksfjord skule er 14,7 mill. lågare enn det som var budsjettert. Det er meldt at framdrifta vil følgje plana, og at skulen vil være ferdig i 2013 som planlagt.

Tilbygg Julsundet skule har eit mindreforbruk på kr. 1,4 mill. årsaka til dette er at arbeid utomhus står att då det var ugunstig å gjennomføre denne bygginga vinterstid. Bustadtomter Falkhytten Sør har eit mindreforbruk på 8,8 mill. Hovudavløp Ny-Jord – Horrem har eit mindreforbruk på kr. 4,2 mill., der det er opplyst at ferdigstilling er noko veravhengig.

Det blir teke opp eiga sak om rebudsjettering av ubrukte løyver i 2011 med kr. 25,8 (eksl. Riksfjord).

### **Utvikling investeringsutgifter frå 2006-2010:**

	2 007	2 008	2 009	2 010	2 011
Brutto investeringsutgifter i alt	40 766	60 552	50 732	100 177	116 470

## BALANSEN – DIVERSE NØKKELTAL

### **Arbeidskapital**

Seier noko om kommunen evne til å betale for sine forpliktingar etter kvart som dei forfell. Blir berekna som differansen mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld.

	2 007	2 008	2 009	2 010	2 011
Arbeidskapital	72 628	91 599	134 171	130 241	167 842
Arb.kapital i % av sum driftsinntekter	18,71	21,04	37,32	36,94	45,08

Likviditeten målt som arbeidskapitalens driftsdel bør minst utgjøre 5 % av kommunens driftsinntekter. Oversikta viser at Aukra kommune har god likviditet.

### **Disposisjonsfond**

Seier noe om kor mykje kommunen har i frie reserver, dvs del av frie inntekter som ikkje er brukt i drifta. Kommunen treng eit disposisjonsfond av ein viss storleik for å møte ikkje venta kostnader, svikt i dei frie inntektene og finansieringa av framtidige investeringar.

	2 007	2 008	2 009	2 010	2 011
Disposisjonsfond i kr.	8 280	14 871	66 867	51 576	59 506
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	3,00	4,30	18,60	14,63	15,98

### Netto lånegjeld i % av driftsinntektene

Seier noko om kommunens soliditet dvs. fordeling mellom gjeld og eigenkapital. I lånegjelda er formidlingslån og pensjonsforpliktingar halde utanom.

	2 007	2 008	2 009	2 010	2 011
Netto lånegjeld	173 262	118 828	115 624	100 856	158 637
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	54 588	37 332	36 178	31 042	48 233
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	62,00	34,20	32,20	28,60	42,60

Aukra kommune hadde pr. 31.12.2011 ei langsiktig gjeld på kr. 472,9 mill. av dette utgjorde pensjonsforpliktingane kr. 295,9 og formidlingslån kr. 18,2 mill.

Netto lånegjeld har auka med kr. 57,8 mill. frå 31.12.2010.

### Netto eksterne finansutgifter

Viser kor stor del av kommunens driftsinntekter som blir nytta til å betale renter og avdrag.

	2 007	2 008	2 009	2 010	2 011
Netto finans og avdrag	13 418	29 558	5 245	4 401	4 161
Netto finans og avdrag i % av brto driftsinntekter	4,80	8,50	1,50	1,20	1,11

### SJØLVKOSTOMRÅDA

\* - betyr negativt fond

	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010	Rekneskap 2009	Rekneskap 2008	Rekneskap 2007
<b>Vassforsyning</b>					
Sum utgifter	8 217 566	6 489 480	5 829 961	5 180 345	6 292 812
Sum inntekter	7 310 166	6 848 967	7 308 371	6 053 125	5 822 601
<b>Resultat Vassforsyning</b>	<b>-907 400</b>	<b>359 487</b>	<b>1 478 410</b>	<b>872 780</b>	<b>-470 211</b>
<b>Avløp</b>					
Sum utgifter	4 491 556	3 661 729	3 581 252	4 710 651	4 350 009
Sum inntekter	3 788 237	3 202 813	3 088 154	3 637 853	3 370 607
<b>Resultat avløp</b>	<b>-703 320</b>	<b>-458 917</b>	<b>-493 098</b>	<b>-1 072 798</b>	<b>-979 402</b>
<b>Renovasjon</b>					
Sum utgifter	3 692 426	3 659 880	3 206 213	2 631 121	3 560 587
Sum inntekter	3 694 034	3 656 678	3 261 922	2 823 329	2 743 504
<b>Resultat renovasjon</b>	<b>1 608</b>	<b>-3 202</b>	<b>55 709</b>	<b>192 208</b>	<b>-817 083</b>
<b>Slamtømming</b>					
Sum utgifter	297 822	290 474			
Sum inntekter	350 396	352 792			
<b>Resultat renovasjon</b>	<b>52 574</b>	<b>62 318</b>			
<b>Sjølvkostfond</b>		<b>Vassfors.</b>	<b>Avløp</b>	<b>Renovasjon</b>	<b>Slamtømming</b>
Saldo fond pr. 31.12.10		2 710 677	-952 015	52 507	62 318
Resultat 2011		-907 400	-703 319	1 608	52 573
Sjølvkostfond pr. 31.12.2011		1 803 277	-1 655 334	54 115	114 891

Erna Varhaugvik  
Økonomisjef

# Økonomisk oversikt

<b>DRIFT</b>	<b>Regnskap</b>	<b>Reg. budsjett</b>	<b>Oppr.budsjet</b>	<b>Regnsk. i fjor</b>
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	13 548 318	11 677 586	10 609 586	11 675 388
Andre salgs- og leieinntekter	21 722 778	22 623 000	21 588 000	21 909 392
Overføringer med krav til motytelse	52 086 843	54 559 634	43 543 500	56 217 133
Rammetilskudd	73 066 078	72 348 000	74 348 000	44 943 022
Andre statlige overføringer	1 695 939	823 000	823 000	7 548 690
Andre overføringer	510 823	26 000	26 000	94 218
Skatt på inntekt og formue	72 279 202	72 804 000	67 804 000	72 834 173
Eiendomsskatt	137 444 650	137 300 000	137 300 000	137 400 207
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	372 354 632	372 161 220	356 042 086	352 622 223
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	149 193 921	148 393 746	140 162 494	141 887 376
Sosiale utgifter	35 527 402	43 472 420	41 809 128	37 627 762
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	47 686 040	51 760 172	50 486 072	53 248 870
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	18 580 375	17 072 728	13 508 492	13 761 729
Overføringer	29 236 314	31 162 578	29 785 000	29 861 508
Avskrivninger	15 497 560	18 487 199	1 892 000	12 273 203
Fordelte utgifter	-3 463 459	-9 468 000	-9 503 000	-8 635 685
Sum driftsutgifter	292 258 153	300 880 843	268 140 186	280 024 763
Brutto driftsresultat	80 096 479	71 280 377	87 901 900	72 597 460
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	5 056 205	2 000 000	2 000 000	4 086 776
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	168 502	150 000	150 000	230 916
Sum eksterne finansinntekter	5 224 707	2 150 000	2 150 000	4 317 692
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	3 655 168	4 178 000	4 178 000	3 119 981
Tap på finansielle instr.(omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	5 562 523	10 300 000	10 300 000	5 599 862
Utlån	287 097	120 000	120 000	362 209
Sum eksterne finansutgifter	9 504 787	14 598 000	14 598 000	9 082 052
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-4 280 081	-12 448 000	-12 448 000	-4 764 360
Motpost avskrivninger	15 497 560	18 487 199	1 892 000	12 273 203
Netto driftsresultat	91 313 958	77 319 576	77 345 900	80 106 303
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	21 000 238	21 000 238	0	29 246 518
Bruk av disposisjonsfond	3 273 258	2 692 100	867 100	2 219 232
Bruk av bundne fond	1 742 405	2 261 324	1 629 000	3 280 858
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	26 015 900	25 953 662	2 496 100	34 746 608
Overført til investeringsregnskapet	56 466 862	91 865 000	76 076 000	76 424 414
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	11 552 618	11 408 238	3 766 000	16 631 786
Avsatt til bundne fond	426 591	0	0	796 472
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum avsetninger	68 446 072	103 273 238	79 842 000	93 852 673
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	48 883 787	0	0	21 000 238

<b>INVESTERING</b>	<b>Regnskap</b>	<b>Reg. budsjett</b>	<b>Oppr.budsjett</b>	<b>Regnskap i fjor</b>
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	946 121	0	0	681 336
Andre salgsinntekter	274 346	0	0	286 443
Overføringer med krav til motytelse	1 475 465	1 000 000	1 000 000	23 038
Statlige overføringer	1 250 000	0	0	1 325 000
Andre overføringer	18 477	0	0	15 636 795
Renteinntekter og utbytte	0	0	0	0
Sum inntekter	3 964 409	1 000 000	1 000 000	17 952 612
Utgifter				
Lønnsutgifter	5 541	0	0	37 972
Sosiale utgifter	0	0	0	5 354
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	97 270 423	147 801 000	132 076 000	90 473 028
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0	0	0	1 300 000
Overføringer	19 191 957	0	0	8 357 555
Renteutgifter og omkostninger	2 150	0	0	3 319
Fordelte utgifter	0	0	0	0
Sum utgifter	116 470 071	147 801 000	132 076 000	100 177 229
Finansransaksjoner				
Avdrag på lån	455 548	235 000	235 000	4 397 326
Utlån	5 945 000	2 627 000	2 627 000	2 627 018
Kjøp av aksjer og andeler	418 595	0	0	399 450
Dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbr	0	0	0	21 799 728
Avsatt til ubundne investeringsfond	5 714 000	5 714 000	5 000 000	0
Avsatt til bundne fond	465 795	0	0	2 108 806
Avsatt til likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	12 998 938	8 576 000	7 862 000	31 332 328
Finansieringsbehov	125 504 599	155 377 000	138 938 000	113 556 944
Dekket slik:				
Bruk av lån	65 945 000	62 627 000	62 627 000	2 625 000
Mottatte avdrag på utlån	612 039	235 000	235 000	611 769
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbr	0	0	0	0
Overføringer fra driftsregnskapet	56 466 862	91 865 000	76 076 000	76 424 414
Bruk av disposisjonsfond	350 000	650 000	0	29 703 507
Bruk av ubundne investeringsfond	3 376	0	0	0
Bruk av bundne fond	2 127 322	0	0	4 192 254
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum finansiering	125 504 599	155 377 000	138 938 000	113 556 944
Udekket/udisponert	0	0	0	0

### Regnskapsskjema 1B – drift

Fordelt til einingane	Regnskap 2011	Budsjett m/end.	Budsjett (oppr.)	Regnskap 2010
10 Sentrale styringsorgan	43 464 245	45 855 943	40 863 089	37 290 204
20 Riksfjord skole	34 068 932	33 804 583	32 733 983	32 945 027
21 Julsundet skole	14 533 738	14 584 715	13 279 009	11 819 984
22 Barnebo barnehage	15 764 209	16 092 029	15 587 346	3 520 891
23 Bergetippen barnehage	7 652 667	7 687 718	7 877 355	2 152 263
25 Oppvekst og kultur	8 294 323	8 885 180	11 270 338	13 228 341
30 Pleie og omsorg	55 459 400	55 133 820	49 686 256	50 587 460
40 Helse og sosial	11 193 325	11 841 771	11 525 985	9 174 331
50 NAV	4 231 992	4 232 957	4 196 116	4 457 737
60 Plan, utvikling og samfunn	3 452 137	2 902 098	2 734 831	2 212 097
62 Drift, forvaltning og vedlikehold	9 212 602	10 274 437	10 572 514	8 985 012
65 Brann og beredskap	3 888 775	3 476 984	3 457 178	4 251 615
	<b>211 216 345</b>	<b>214 772 235</b>	<b>203 784 000</b>	<b>180 624 962</b>
Korr. av føringar medteke både i skjema 1A og 1B *	5 263 618	5 553 424	3 096 100	10 728 413
	<b>216 479 963</b>	<b>220 325 659</b>	<b>206 880 100</b>	<b>191 353 375</b>
10 Budsjettbuffer lagt på ansvar 1500		1 392 765	10 000 000	
89 Motpost kalk. renter	-3 795 630	-3 969 000	-3 969 000	-3 410 593
89 Momskompensasjon investering	-18 330 679	-24 272 000	-22 460 000	-8 024 455
90 Andre driftstilskot og refusjoner m.m.	62 736	0	0	52 129
90 Pensjon, premieavvik og korr. utg.føring	-5 405 962			-1 983 734
<b>Sum fordelt til drift</b>	<b>189 010 428</b>	<b>193 477 424</b>	<b>190 451 100</b>	<b>177 986 722</b>

\* Deler av inntekter og utgifter som er opplyst i skjema 1A er ført direkte på einingane sine områder.

Årsaka til dette er at desse er teke omsyn til ved fastsetting av einingane sine rammer, eller er eit resultat av eininga si drift. For å kome fram til riktig sum som er fordelt til drift må posteringane korrigerast i eiga linje i rekneskapsskjemaet.

### Regnskapsskjema 2B – investering

Investering i anleggsmidler på den enkelte eining	Rekneskap 2011	Budsjett m/end.	Budsjett (oppr.)	Rekneskap 2010
10 Sentrale styringsorgan	921 702	6 050 000	6 050 000	22 957 180
20 Riksfjord skole	60 401 033	75 000 000	69 600 000	17 944 468
21 Julsundet skole	8 477 293	10 450 000	7 450 000	452 225
22 Barnebo barnehage	212 696	200 000	200 000	295 832
23 Bergetippen barnehage	2 808 807	2 800 000	3 000 000	198 224
25 Kultur	1 796 701	2 161 000	2 161 000	662 322
30 Pleie og omsorg	643 402	1 350 000	2 750 000	7 866 393
40 Helse og sosial	9 885 725	13 350 000	13 950 000	962 710
50 NAV Aukra	0	0	0	54 649
60 Plan og utvikling	4 278 905	2 750 000	2 750 000	1 893 119
62/65 TEB/Brann	26 753 843	37 040 000	28 165 000	46 890 107
<b>Sum investering i anleggsmidlar</b>	<b>116 180 107</b>	<b>151 151 000</b>	<b>136 076 000</b>	<b>100 177 229</b>

# Medarbeidar og organisasjon

Ved utgangen av 2011 har vi 304 årsverk i Aukra kommune, fordelt på ca. 390 fast tilsette. Nokre av desse arbeider ved fleire arbeidsplassar, så dersom vi reknar med kvar arbeidsplass, blir det vel 400.

Tal på fast tilsette og oppretta årsverk 2009 – 2011

	Tilsette			Årsverk		
	2009	2010	2011	2009	2010	2011
Sentrale styringsorg.	16	18	19	17,91	17,91	18,25
Riksfjord skole	62	59	64	54,78	53,03	55,45
Julsundet skole	34	35	38	27,47	27,99	36,64
Barnebo barnehage	36	37	49	34,83	34,27	37,26
Bergetippen barnehage	14	17	19	17,37	17,37	16,1
Kultur	13	16	17	12,69	12,84	10,85
Pleie og omsorg	119	119	136	80,73	83,99	88,16
Helse	30	24	20	18,45	17,23	16,71
NAV	0	3	3	0	2,6	2,1
Plan og utbygging	5	5	5	4,5	4,6	4,5
Teknikk, eigedom og brann	14	18	20	15,45	17,33	18,04
<b>Totalt i Aukra kommune</b>	<b>343</b>	<b>351</b>	<b>390</b>	<b>284,18</b>	<b>289,16</b>	<b>304,06</b>

Her er dei tatt med der dei har størst stilling. Lærlingar er ikkje rekna med.

I perioden har det vore ein del omorganisering og personale har flytta frå Helse til NAV og frå PLO til Helse. Vaktmeistertenesta er overtatt av TEB.

## HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Molde bedriftshelsetjeneste starta arbeidet sitt i august 2011. Det vart gjennomført helseundersøkingar for drifts- og branntenesta, reinhaldarar og nattevakter. I tillegg har det vore utført arbeidsplassundersøkingar og samtalar med sjukemeldte etter innmeldt behov. Sjukefråveret fortset å gå ned og var på 6,8 % ved utgangen av 2011.

	2009			2010			2011		
	M	K	Alle	M	K	Alle	M	K	Alle
Sentrale styringsorgan	8,9	7,1	7,7	3,4	6,5	5,6	1,2	2,6	2,2
Oppvekst og kultur	5,3	8,4	7,8	3,7	7,6	6,9	3,1	6,8	6,2
Helse, omsorg og velferd	2,2	9,8	8,9	2,7	9,1	8,3	3,9	10,4	9,5
Plan, utbygging og teknikk	4,4	1,3	3,8	1,0	10,4	2,9	1,9	7,5	2,9
<b>Totalt</b>	<b>4,7</b>	<b>8,8</b>	<b>7,7</b>	<b>3,2</b>	<b>9,6</b>	<b>7,0</b>	<b>2,7</b>	<b>7,9</b>	<b>6,8</b>

Det er fortsatt stor forskjell på fråvær mellom kvinner og menn. Fysisk belastande arbeidsplassar som Pleie og omsorg og barnehagane, har høgast fråvær. Leiarane er flink til å skaffe utstyr som avlastar tunge tak og dei nyttar bedriftshelsetenesta og NAV for å finne gode løysingar for tilsette som treng oppfølging og hjelp. Langtidsfråvær skuldast alvorleg sjukdom eller behandling/operasjon som krev rehabiliteringstid.

## Nærværestiltak

Det er gjennom IA-arbeidet og nærværestiltak vi arbeider vidare for eit høgast muleg nærvær. Sju einingar/avd. har hatt nærværgrupper og arbeidd fram tiltak i 2010. Forslaga frå gruppene går på å bli flinkare til å følgje opp sjukemeldte, arrangere sosiale samankomstar/trivselstiltak, bedriftskultur-

bli flinkare å omgås kvarandre/sjå kvarandre, betre høve til kompetanseheving for alle, betre tilgang på vikarar, auke grunnbemanning, tilrettelegging for fysisk aktivitet, god leiing. Ingen av desse gruppene søkte om midlar, men mange tiltak er gjennomført innafor rammene til den enkelte eining. Uttalt fokus på nærvær har ein god effekt. Det ser også ut til at det har ein god effekt på nærværet når tilsette får bruke kompetansen sin, bli sett og får tilbakemeldingar på arbeidet ein gjer.

Eining / avd.	Nærver 2009	Nærver 2010	Nærver 2011
Riksfjord	91	95,5	96,3
Barnebo	90,8	93,2	90,7
Bergetippen	91,8	86	93,1
Pleie og omsorg:			
Nordbo	92	94,8	87,4
Sørbo	93,6	88,2	88
Heimetenesta	93,2	92,8	88,9
Bergtun	91,1	89,4	90,5

Utviklinga i nærværet for dei sju gruppene som har arbeidd med dette, er ikkje eintydig. Tre fekk eit høgare nærver i 2010 og 3 i 2011, mens fire har hatt ein nedgang i 2011. Riksfjord har hatt ei fin utvikling og Bergetippen har ei stor auke i 2011. *Dei* har også hatt fokus på kompetanseheving og bedriftskultur.

Det er mange årsakar til variasjon i nærværet, og svingingar frå eit år til neste forklarar lite. Dette arbeidet må gå over fleire år, og resultatet må vere at tilsette vil velge å gå på jobb sjølv om dei ikkje er heilt i topp form, *og fordi dei føler at det er aksept for det i arbeidsmiljøet*.

Mange kommunale arbeidsplassar tek i mot personar som treng arbeidstrening, eller av andre årsakar har behov for å vere i aktivitet. Vi har to varig tilrettelagte arbeidsplassar og har avtale med NAV om å ta imot personar til utprøving.

## KOMPETANSE

Alle fast tilsette har no tilgang til, og skal registrere kompetansen sin, i løns- og personalsystemet vårt. 208 tilsette har til no lagt inn eigen CV. Dette er eit godt grunnlag ved utarbeiding av strategiske kompetanseplaner. Arbeidet med ei overordna kompetanseutviklingsplan er starta opp, og vil bli vidareført i tråd med eit nettverksprosjekt i KS-regi, der vi saman med ROR-kommunane skal utarbeide ei strategisk kompetanseplan for pleie og omsorg.

Tolv tilsette har søkt og fått tildelt midlar frå fondet for etter- og vidareutdanning. Det er innvilga stønad til eit MiLL-prosjekt for tilsette ved Julsundet skole, lærarutdanning, førskolelærarutdanning, etterutdanning i engelsk, studium i kosthald og helse, vidareutdanning i kommunerekneskap, i finansforvaltning, «norsk som andrespråk og flerkulturell pedagogikk» og masterstudie i samfunnsplanlegging og leiing. I tillegg har alle lærlingar fått stipend etter etablerte retningslinjer. Det gir stor verdi å ha lærlingar og i 2011 tok vi inn fire nye lærlingar. Ved utgangen av året har vi ein kokkelærling, tre innan helsefagarbeidet, ein aktivitør, tre innan barne og ungdomsarbeidarfaget og ein på IKT. Gjennom vaksenopplæringa er to tilsette i gang med fagbrev i reinhald og åtte i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

## SENIORAR

Pr. 31.12 har 105 tilsette fylt 55 år. Dette utgjer 26 % av arbeidsstokken. Med stort rekrutteringsbehov i åra som kjem, er det viktig å ha ordningar som bidrar til at seniorane ventar lengst muleg med å ta ut pensjon. Dei som fyller 62 år, kan velje mellom lønns tillegg, 15 fridagar eller ein kombinasjon av dette og AFP, dersom dei vel å halde fram i arbeid. Dette gjeld alle unntatt medlemar

av leiargruppa. Ved fylte 60 år skal alle ha tilbud om seniorsamtale og informasjon om våre seniorpolitiske retningslinjer. Senioravtalen gjeld for eitt år om gongen og føl budsjettåret. Vi ser at våre seniorar fortset å arbeide etter fylte 62 år. I fjor var det 26 tilsette med rett til seniortiltak, 24 valde lønstillegg og 2 valde fridagar.

## LIKESTILLING

### Aukra kommune som arbeidsgivar

Av 390 tilsette kjem 18 frå andre vestlege eller asiatiske land, 11 av desse er kvinner. 5 har høgskole/universitetsutdanning, mens 5 har fagbrev.

Kjønnsfordeling etter hovudenesteområda (kommunalsjefområda):

Eining	2009		2010		2011	
	M	K	M	K	M	K
Sentrale styringsorgan	8	15	5	15	5	14
Oppvekst og kultur	24	130	22	140	30	157
Helse, omsorg og velferd	19	118	18	116	22	137
Plan, utbygging og teknikk	18	4	20	4	20	5
<b>Total</b>	<b>69</b>	<b>267</b>	<b>65</b>	<b>275</b>	<b>77</b>	<b>313</b>
<i>I prosent</i>	<i>21%</i>	<i>79%</i>	<i>19%</i>	<i>81%</i>	<i>20%</i>	<i>80%</i>
Leiargruppa	7	8	6	10	8	10

Fordelinga mellom kjønn har ikkje endra seg særleg over tid. Ved tilsettingar vurderer vi alltid det underrepresenterte kjønn når kompetansen elles er lik.

Gjennomsnittleg årslønn (i 1000 kroner):

Gj.snittslønn	2009			2010			2011		
	M	K	Diff. i menns favør	M	K	Differanse i menns favør	M	K	Differanse i menns favør
Leiargruppa	553	493	10,8 %	591	533	9,8 %	638	566	11,3 %
Alle tilsette (ikkje leiargruppa)	358	333	7 %	376	355	5,6 %	380	363	4,5 %

Lønnsforskjellen i leiargruppa har auka i favør menn. Årsaka er rekrutteringsomsyn og at det er menn som har dei leiande posisjonane. Forskjellen for andre tilsette er no redusert til 4,5 % i menns favør. Store grupper av tilsette har lønn etter tariff som er kjønnsnøytral. Vi har også søkt å harmonisere lønna til mellomleiarar og tilsette med særskilte ansvarsoppgåver, og dette ser ut til å gje gevinst.

Utdanning:

	Ufaglært	Fagutdanna	Høgskole/univ.
Menn	18 %	24 %	58 %
Kvinner	31 %	25 %	44 %
Totalt	28 %	25 %	47 %



Samanlikna med 2010 har talet på høgskole-/universitetsutdanna gått ned frå 49 til 47 %. Andelen fagutdanna er auka frå 22 til 25 %.

Deltid:

Stl.storleik	Antal	i %	Menn	Kvinner
100 %	177	46 %	69 %	39 %
80-99,9 %	78	20 %	4 %	24 %
60-79,9 %	50	13 %	4 %	15 %
50-59,9 %	24	6 %	5 %	7 %
25-49,9 %	27	7 %	9 %	7 %
- 24,9 %	32	8 %	9 %	8 %

Talet på dei som har oppgitt at dei ønsker høgare stillingsstorleik er 22. Av desse ønsker 5 full stilling, mens andre ønsker 10 – 20 % meir enn dei har. Ved ledige stillingar, vert det alltid vurdert om stillinga først skal lysast ut internt med tanke på dei som ønsker ei auke. Ønska deltid gir uønska deltid. Mange har deltid fordi dei ønsker det og har krav på det etter arbeidsmiljøloven og hovudtariffavtalen. Nokon er delvis ufør eller har arbeid i tillegg til studier.

## LØNSOPPGJERET

Det vart gjennomført lokale forhandlingar for kap. 3 og 5, med kun lokal lønnsdanning. Fordelinga i leiargruppa var 5,3 % til kvinnene og 6,4 % til mennene.

I kap. 5 var fordelinga 6,3 % til kvinnene og 6 % til mennene.

Kap. 4 fekk eit tillegg bestemt frå sentralt oppgjer i 2010 og likelønn var ikkje del av oppgjeret.

## TILLITSVALDE

Det er 5 hovudtillitsvalde i organisasjonen og 14 fagorganisasjonar. Hovudtillitsvalde er faste medlemar av leiargruppa og deltar i dei fleste tilsetjingane. I 2011 hadde arbeidsgivar og tillitsvalde 3 møter med saker til drøfting. I tillegg har vi eit samarbeid ved rekruttering, organisasjonsmessige endringar, lokale forhandlingar og ved utarbeiding og revidering av personalpolitiske retningslinjer og reglement.

## TILDELING AV HEIDERSMERKE

16 trufaste tilsette fekk tildelt KS sitt heidersmerke for meir enn 25 års virke. Tildelinga skjedde under avslutninga for kommunestyret den 15. desember 2011.



Rannveig Oterhals  
Organisasjon og personalsjef

# Serviceavdelinga

Frå 1. januar 2011 vart avdelinga omorganisert til serviceavdeling. Serviceavdelinga er stabs- og støttefunksjon for rådmann og avdelingane i kommunen i tillegg til politisk sekretariat. Avdelinga har ansvar for publikumsmottak med sentralbord og ekspedisjon, post- og arkivteneste, tenester for skattekontor og folkeregister og turistinformasjon. Reinhold av kommunehuset høyrer og til avdelinga.

Delmål frå budsjett 2011:	Kommentar:
Heimeside/ intranett	Ikkje fullført i 2011. Nye budsjettmidlar er sett av i 2012.
Publikums-pc	Pc er til fri disposisjon for publikum i ekspedisjonen.
Arkivplan	Arbeidet er i avsluttande fase og vert lagt fram for godkjenning 2012.

## Nøkkeltal politisk sekretariat

Avdelinga har ansvar for politisk sekretariat. Det inneber utsending av møteinnkallingar og føring av møteprotokollar for utvala. Frå 2011 vart også sekretærfunksjonen for eldrerådet lagt til avdelinga.

Utval	Saker i 2011	Møter i 2011	Saker i 2010	Møter i 2010
Kommunestyret	134	9	118	10
Formannskapet	155	12	144	14
Livsløpsutvalet	60	8	55	8
Drift- og arealutvalet	77	8	58	7
Eldrerådet	24	5		
Valstyret	9	2		

## Dette er vi stolte av

- I januar tok vi i bruk ny modul i tidsregistreringsprogrammet WinTid. Det gjev høve til å registrere arbeidstid og fråvær frå eigen pc.
- Frå 1. februar vart postjournalen lagt ut på nettsida.
- Avdelinga har fått ansvar for nye oppgåver som administrativt ansvar for gjennomføring av kommunestyre-/ fylkestingsval, som vart halde den 12. september 2011. I tillegg er utskrivning av ambulerande skjenkeløyver og løyver for enkeltanledningar og sekretariat for eldrerådet lagt til avdelinga.
- Avdelinga har arbeidd for å betre rutinar og kvalitet på journalføring av dokument og oppfølging av saker. Det vert gitt opplæring i sakssystem, fortløpande rettleiing og informasjon på leiarmøte.
- Personalet har delteke på IKA Møre og Romsdal si årlege kontaktkonferanse, Ergo Group si fagkonferanse i Molde, kurs for valmedarbeidarar og andre individuelle kurs og samlingar i løpet av året.

## Økonomi/avvik

Ramme	Eining	Regnskap 2011	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2010
11	Serviceavdeling	10 034	9 572	462	4,8	8 882

## Utfordringar i 2012

Det har vore arbeid med ny nettside og intranett gjennom 2011, men prosjektet er ikkje fullført og vert ført vidare i 2012.

Ein planlegg overgang til fullelektronisk saksbehandling og arkivering frå 2. halvår.

Det er sett av midlar til pc/ lesebrett til politikarane i 2012, slik at alle sakspapir kan sendast elektronisk. Ekspedisjonen til kommunehuset skal oppgraderast for gjere det imøtekommande for besøkande i tillegg til at det skal vere ein funksjonell arbeidsplass.

Stillingsressursen ved avdelinga ble redusert med 70% i 2011.



# Økonomiavdelinga

*Avdelinga er ansvarleg for budsjett og økonomiplan, rekneskap, innkrevjing av kommunale krav, finansforvaltning. For å medverke til effektiv og forsvarlig økonomistyring i Aukra kommune skal avdelinga yte god fagleg bistand ut til einingane, og gje administrativ og politisk leiing gode grunnlag å fatte vedtak på.*

*Avdelinga har ansvar for lønsarbeidet, inkludert rapportering av skattetrekk og arbeidsgjevaravgift for Aukra kommune og Aukra Sokn. I tillegg sørgjer avdelinga for at det blir kravd refusjon frå NAV ved sjukefråvær og rapportering til pensjonskassene og arbeidsgjevar- og arbeidstakarregisteret.*

*Skatt: Avdelinga utfører følgjande oppgåver som staten har delegert til kommunane; føring av skatterekneskap, innkrevjing av restansar på skatt, forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift og arbeidsgjevarkontroll.*

## Eigedomsskatt

Avdelinga er eigedomsskattekontor, og sekretariat for skattetakstnemnd og overskatte- takstnemnd. Eigedomsskattekontoret skal sørgje for gjennomføring av taksering på nye verk og bruk, og endringar på allereie takserte verk og bruk. Eigedomsskattekontoret har ansvaret for utsending av skattesetel, fakturering av skattekrav og oppdatere og utarbeide skattelister.

Delmål for 2011	Kommentarar:
Rekneskap blir framlagt for KS siste halvdel av april	Oppnådd – handsama av KS 28/4-11
Arbeidet med budsjett blir starta opp i mai etter at kommuneproposisjonen er kjent, og sak om fastsetting av einingane sine rammer blir fremma til politisk handsaming i juni.	Ikkje oppnådd
Før politisk handsaming av budsjett 2012 skal ein presentere ein status over Aukra kommune sin situasjon slik den er no.	Ikkje oppnådd. Arbeidet vart starta opp men kunne ikkje fullførast grunna avdelinga si...
Ny rutine for økonomirapportering blir innarbeidd frå 1. rapportering i 2011.	Elektronisk økonomirapportering vart teke i bruk og rap. blir gjort mot periodisk budsjett.
Kommunen sitt årshjul skal vidareutviklast og takast aktivt i bruk for å informere og forplikte organisasjonen i forhold til oppgåver knytt til økonomistyring	Ikkje oppnådd – avdelinga hadde ikkje ressursar til å setje i gang dette arbeidet.
Utarbeide rutinebeskrivingar for prosjektrekneskap og budsjettarbeidet.	Ikkje oppnådd – arbeidet vart starta opp, men blir ferdigstilt i 2012.

**Skatt - mål:** Ein skal nå resultatkrav på totalt innbetalt skatt pr. 30.06 og innfordra restskatt for 2009. Desse blir fastsett i styringsdialogmøte med skatteetaten og formidla til kommunane tidlig i 2011.

Skatt - resultat:	Totalt innbet. MNOK:	Innbetalt av sum krav (%)	Resultat-krav (%)	Innbet. av sum krav (%) førre år
Restskatt personlege skattytarar 2009	6,5	93,13	90,00	86,18
Arbeidsgjevaravgift 2010	33,6	99,44	99,80	99,37
Forskotstrekk personlege skattytarar 2010	12,8	97,37	98,00	97,74
Forskotstrekk 2010	75,8	99,71	99,90	99,87

## Økonomi/avvik

Avdelinga har eit mindreforbruk i forhold til si ramme på kr. 115.000,-. Dette skuldast i hovudsak avviking av foreldrepermisjon, utan at avdelinga leigde inn vikar.

Erna Varhaugvik  
Økonomisjef



# Organisasjonsavdelinga

*Organisasjonsavdelinga har 4 fast tilsette og ein lærling i IKT-faget. Personalkontoret er rådgjevar for einingane og toppleiinga i aktuelt lov og avtaleverk, rekruttering, frávær og oppretting/ending av stillingsheimlar.*

*Einingane rapporterer på IA-arbeidet kvart kvartal og dei får tilbakemeldingar på resultatet. Andre oppgåver som ligg til kontoret er utarbeiding av lokale planer, retningsliner og avtaler, saksbehandling til politiske og partssamansette utval og sekretær for overformynderiet. Som medlem av KS er vi bunde av ei hovudtariffavtale og hovudavtale forhandla fram av partane i arbeidslivet.*

*IKT har ansvar for utvikling og vedlikehald av datanettverk, datamaskiner og system for alle einingar i kommunen og elevar i grunnskolen. Til IKT ligg også ansvar for å etablere rutinar for å ivareta datatryggleik, personvernopplysningar m.m. IKT er ein naudsynt faktor i kommunen sin tenesteproduksjon og alle einingar er avhengig av at dette fungerer godt.*

<b>Delmål frå budsjett 2011</b>	<b>Kommentar.</b>
Innføre system for elektronisk handsaming av rekrutteringsmodul	Arbeidet blir ferdigstilt i 2012. Visma hadde ikkje kapasitet til å gjennomføre alt i 2011.
Vidareutvikle og auke bruken og dermed kvaliteten på heimelsregisteret	Vi samarbeider godt med einingane for å få på plass god oppbygging av heimelsregistera for å gjere det til eit nyttig budsjett- og personalverktøy.
Sette fokus på kva verkemidlar som må til for å få fleire høgskoleutdanna til å søke arbeid i Aukra kommune	Gode fagmiljø og tverrfagleg samarbeid, er eit godt utgangspunkt. Markedsføre dette i stillingsutlysingane våre og at vi tilbyr stønad til etter og vidareutdanning. Arbeide fram eit tilbod om desentralisert høgskoleutdanning i samarbeid med ROR-kommunane.
Medverke til å sette i verk ønska tiltak meldt frå nærversgruppene og registrere effekten av tiltaka	Mange grupper utarbeidde og sette i verk tiltak. Ingen har søkt om midlar til gjennomføring, men fleire tiltak er gjennomført innafor eigne rammer. Midlane er overført til 2012.
Medverke til å nå nærversmålet på 95 % i tråd med intensjonsavtalen om inkluderande arbeidsliv	I 2011 er nærveret auka til 93,2 %. Vi vil fortsatt ha fokus på helsefremjande tiltak som bidrar til auka nærver og bli betre på å følge dette opp.
Etablere gode rutinar på kommunens HMS-arbeid	Ny BHT kom i gang hausten 2011 og vi har komme godt i gang med å få på plass rutiner for gjennomføring av arbeidshelse- og arbeidsmiljøundersøkingar.

## **Dette er vi stolte av**

- Personal: Alle tilsette har fått tilgang til fagsystemet Visma der dei m.a kan legge inn kompetansen sin, og i løpet av 2012 søke på interne stillingar.
- Ny mål- og handlingsplan for IA-arbeidet er vedtatt, og rutiner for kvartalsvis rapportering frå einingane er tatt i bruk.
- Molde bedriftshelsetjeneste er vår nye samarbeidspart i HMS-arbeidet og starta opp i september. Rutinane for gjennomføring og oppfølging av bestillingar til BHT er gode.
- IKT: Nytt trådløstnett er komme på plass.
- Planlegging for rullering av PC'ar til kommunalt tilsette er ferdig og praktisk gjennomføring vil starte i 2012. IKT har budsjett- og driftsansvar for alle maskinene som er med i rulleringsplanen. Windows 7 og Office 2010 er rulla ut og installert på flesteparten av datamaskinene.
- ROR-IKT samarbeidet fungerer godt og arbeidet med å knytte saman ROR IKT-kommunane i eit felles breiband er i gang. To pilotkommunar skal teste det ut når det står klart.

## Økonomi/avvik

Ramme	Eining	Regnskap 2011	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2010
14	Organisasjonsavdeling	4 693	6 147	-1 454	-23,7	3 299

I 2011 er mindreforbruket stort. Årsakane til det er mellom anna at vi ikkje fekk ferdigstilt etableringa av eit elektronisk rekrutteringssystem og ny bedriftshelseteneste kom i gang først i september. Eit mindreforbruk på IKT vart meldt til 2. tertial, men vart ikkje tatt med pga tidspress på økonomiavdelinga, og rekneskapet på personforsikringar viser at vi har brukt mindre enn budsjettert.

### Utfordringar for 2012

- Vidare-/slutføre prosjekt som vart starta opp i 2011.
- IKT strategi lokalt og regionalt
- Kompetanseplanlegging – overordna plan, interne kurs, etter og vidareutdanning
- Informasjon – intranett, heimesider, sosiale media.
- Nærversarbeid – helsefremjande arbeid i samarbeid med leiargruppa, BHT og NAV
- Kvalitet og effektivitet i tenestane – oppdatert dataverktøy og fagprogram

Både personalfaget og IKT er vide felt og krevande å vere oppdatert på med få tilsette. Organisasjonsavdelinga si største oppgåve er å tileigne seg kunnskap om fagfeltet og samtidig spre det ut i organisasjonen. Både helse og pleie- og omsorg er avhengig av døgkontinuerleg funksjon, og brot i nettet kan få alvorlege konsekvensar. Den raske utviklinga gjer oss sårbar. Med 2 tilsette på IKT, er det ikkje muleg å ha ei vaktordning. Vi ser det difor heilt naudsynt å søke framtidig samarbeid med andre kommunar i regionen.

Rannveig Oterhals  
Org. og personalsjef





# Riksfjord skole

*Riksfjord skole er ein 1-10 skole med 327 elevar. 6. og 7. trinn har tilhald på Riksfjord skole avdeling Solem. Alt i alt er det 70 tilsette i eininga. Skolen har 47 born i SFO-ordninga for 1. – 4. årssteg. Skolen har i tillegg hatt ansvaret for undervisninga for den delen av vaksenopplæringa i kommunen som ikkje er innleigde tenester frå Molde vaksenopplæringsssenter. Nokre av elevane tilhøyrande Riksfjord skole har sin daglege skolegang ved andre skolar. Riksfjord skole har 25 elevar med særskilt norskopplæring og 15 elevar har spesialundervisning etter Opplæringslova. Ny skole vil stå ferdig til skolestart i august 2013.*



Delmål frå budsjett 2011:	Kommentar:
Gjennom deltaking i prosjektet "Betre læringsmiljø" skal elevane oppleve auka læringstrykk i eit trygt sosialt miljø både i skole og SFO.	Det er pr. årsskiftet 11/12 ikkje gjennomført undersøkingar som måler effekt av tiltaka i Betre læringsmiljø. Fokus i personalet på å ha eit høgt læringstrykk gjennom m.a. satsing på elevane sitt læringsmiljø.
Utarbeide handbok i klasseleiing der ein kjem fram til felles verdiar, haldningar og retningslinjer	Handboka blei fullført i november 2011, og skal jobbast vidare med framover.
Ei datamaskin pr. 2 elevar på 6., 7. og 8. årstrinnet, at elevane på 9. og 10. årstrinnet har kvar sin maskin, og at vi aukar tilgangen på datamaskinar på barnetrinnet	Målet om ein maskin pr. elev på 6. – 8. trinn, samt målet om ein maskin pr. elev på 10. trinn, er nådd.
Skolen har 400 databrukarar og ein supportressurs på 32,15 %. Målet vårt er å kunne auka denne ressursen til 100 % stilling	Ei datakonsulentstilling for skolane i Aukra var ikkje på plass ved årsskiftet 11/12. Kommunestyret har fatta vedtak om ei 100 % stilling som blir delt mellom Riksfjord og Julsundet. Stillinga kjem på plass våren 2012.
Mobbefri skole	Trivselsundersøkingar viser at det framleis er tilfelle av mobbing på skulen. Ein arbeider m.a. gjennom prosjektet Betre læringsmiljø med dei vaksne sine kunnskapar om mobbing og elevane sine haldningar.
Sikre betre leseferdighet gjennom styrking av ressursinnsatsen på dei lågaste trinna	Ein har utvida lesekurstilbodet (styrkingstiltak) på dei lågaste trinna slik at alle elevar skal mestre lesing. SOL (Systematisk observasjon av Lesing) er under innføring.
Etablere godt system for norskopplæring for minoritetsspråklege elevar og etablere gode rutinar for tiltak for elevar i den første tida etter ankomst	Det blir etablert eit særskilt tilbod i norsk for alle framandspråklege med behov for det. I tillegg set vi inn assistenthjelp i faga naturfag og samfunnsfag.

## Nøkkeltal

Aukra kommune har som mål kva gjeld nasjonale prøver:

1. Andel elevar som presterar på lågaste nivå i Aukra skal vere lågare enn dei som presterar på lågaste nivå nasjonalt.
2. Andel elevar som presterar på høgaste nivå i Aukra skal vere høgare enn dei som presterar på høgaste nivå nasjonalt.

Det er nasjonale prøver kvar haust i disiplinane/faga lesing for 5., 8. og 9. årssteg, rekning for 5., 8. og 9. årssteg og engelsk for 5. og 8. steg. Nasjonal prøve i engelsk er elektronisk, og grunna tekniske problem, blei denne prøva i 2011 berre gjennomført på 8. steg.

På 5. steg er nasjonale prøver inndelt i ein meistringsskala frå 1-3, på 8. og 9. steg er skalaen frå 1.-5. Det er noko varierende på 5. og 8. steg om ein ligg innafør målsetjinga eller ikkje, mens ein på 9. trinn er innafør målsetjinga med god margin. Det er viktig å merke seg at det er – statistisk sett – eit svært lågt eleveltal på kvart årssteg, og at ein difor ikkje verken bør eller kan leggje avgjerande vekt på resultatet frå eitt einiskild skuleår.

### Dette er vi stolte av

Riksfjord skole har i perioden 2009-2011 hatt ein særst positiv utvikling i nærværet blant dei tilsette. Frå 91 % i 2009 til 96,3 % i 2011, m.a.o. eit sjukefråvær på under 4 %. Dette er svært bra og gledeleg. Riksfjord skole er stolt av å ha ein stab som i så stor grad er nærværande og vi håper gjennom målretta innsats framleis å kunne ha høgt nærvær.

### Økonomi/avvik

ramme	Eining	Regnskap 2011	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2010
20	Riksfjord skole	34 069	33 805	264	0,8	32 945

Rekneskapen for 2011 viser eit meirforbruk på kr. 264.000. Dette er totalt for områda grunnskule, SFO, vaksenopplæring og skulelokalar. Meirforbruket utgjer 0,8 %. I løpet av 2011 var det i alt 3 einingsleiarar ved Riksfjord skole. Skifte av einingsleiar seint i budsjettåret gjorde at ein ikkje hadde full oversikt på uteståande rekningar. Dette forklarar at ein ikkje klarte å komme nærare 0 i avvik.

KOSTRA	Aukra	Neset	Eide	Aure	M&R
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor pr.elev	122.014	119.674	108.042	127.223	97.107

### Utfordringar i 2012

- Ei stor, positiv, utfordring for Riksfjord skole i 2012 er eit vidare pedagogisk utviklingsarbeid innafør rammene av Utdanningsdirektoratet sitt nasjonale prosjekt *Bedre læringsmiljø*, som skolen er så heldig å være ein del av. I tillegg ser vi fram til vidare planlegging av eit nytt, flott skolebygg.
- I 2012, og vidare, ser ein utfordringar i høve samansetjinga i personalet med tanke på alder. Ein relativt stor del av personalet nærmar seg pensjonsalder, og dette blir ei utfordring på kompetansesida.
- Om ein ser på økonomiplanen for 2012-2015 er det totalt eit økonomisk kutt på nærare 4 millionar for Riksfjord skole, eller - omgjort til stillingar - 7 heile lærarpostar. Dette vil om det skal settast ut i live gje skulen store utfordringar, ikkje minst med tanke på eventuelle sjukefråvær. Grunnbemanninga er i dag ved skolen slik at ein gjennom omdisponeringar klarer å ha ei god drift sjølv ved noko fråvær. Med tanke på at vikartilgangen er særst avgrensa, ser vi store utfordringar ved eventuelle kutt av eit slikt omfang.





# Julsundet skole

*Hovudfokus for skolen er å skape eit godt læringsmiljø for elevane våre slik at dei trivst og opplever meistring og framgang ut frå evner og føresetnader. Derfor ligg den største innsatsen vår i arbeidet med å lage til eit opplæringstilbod som er mest mogleg tilpassa den einkilde. Gode læringsresultat er også avhengig av god klasse-leiing og eit mobbefritt skolemiljø. I tillegg har skolen også som oppgåve å formidle sentrale verdier i samfunnet, slik at elevane er best mogleg rusta til å fungere som gode samfunns-borgarar i framtida*



<b>Delmål</b>	<b>Kommentar</b>
Etablere eit godt og konstruktivt samarbeid med foreldra.	Vi har eit godt tilhøve til foreldra. Vi hadde som mål at vi skulle få sett opp ein apejungel i 2011 ved hjelp av dei, Men grunna avslag på søknad om tippemidlar, er prosjektet sett på vent. Det var vanskeleg å få valt leiar i FAU ved skolestart.
Ingen elevar skal verte mobba	Vi har heile tida fokus på at ingen elevar skal bli mobba på skolen. Likevel syner elevundersøkinga at vi har elevar som fortel at dei vert mobba på skolen. På slutten av året hadde vi kommunalt tilsyn på korleis vi handterer § 9a i Opplæringslova, arbeidsmiljølova til elevane. Vi har skjerp rutine våre for å setje tiltak i system når vi får melding om mobbing, og innskjerpa ansvaret hos alle tilsette for å ta affære når dei oppdagar tilfelle av mobbing.
Det skal vere ro og orden i alle timar, slik at tilhøva for læring er best mogleg.	Elevundersøkinga viser at elevane stort sett er nøgd med ro og orden i klasserommet. Det er også inntrykket som leiinga ved skolen sit med. Både lærarar og elevar har rimeleg gode arbeidstilhøve på skolen.
Skolen skal lage ei handbok i klasseleiing.	Vi starta i lag med Riksfjord på å lage ei handbok i klasseleiing, etter eit opplegg frå Senter for atferdsforskning. Etter som prosjektet gjekk fram, fann vi ut at arbeidsforma ikkje var den mest fruktbare for oss. Derfor har vi gått over til å bruke ei anna bok, «Elevenes læringsmiljø, - lærerens muligheter», som utgangspunkt for å dyktiggjere oss på klasseleiing..
Skolen skal ha eit godt arbeidsmiljø for dei vaksne som fremjar trivsel og kreativitet.	Vi har ingen undersøking i 2011 som kan seie noko objektivt om arbeidsmiljøet for personalet. Men inntrykket er at dei vaksne trivst i lag med elevane våre og kvarandre. Vi mange dyktige medarbeidarar som ser gode løysingar og mulegheiter på ulike problemstillingar.
Nærveret skal vere på rundt 95 %	Totalnærveret vårt i 2011 er på 92,7 %. Vi tek alvorleg meldingar om at ei sjukmelding er relatert til arbeidsoppgåvene på skolen. Det er gledeleg å sjå at det eigenmeldte fråveret er på 1,6%.

## Nøkkeltal i 2011

Vi har kommunalt mål om at Aukraelevane skal vere færre på lågaste nivå og fleire på høgaste nivå i nasjonale prøver enn lands- og fylkesgjennomsnitt. På 5 trinn fyller vi krava godt i lesing og rekning. I engelsk ligg vi om lag på snitt. På 8. trinn fyller vi ikkje krava, slik kommunale mål er sett opp. Men på 9. trinn er vi tilbake på snitt. Desse resultatata er ein trend som har halde seg over fleire år. Det vitnar om at det vert gjort eit godt og grundig arbeid ved skolen vår.

### Dette er vi stolte av

- Vi meiner at vi etter kvart får til ei god, tilpassa undervisning. I alle klassar er det no teke i bruk ulike læringsstrategiar og læringsstilar, slik at elevane kan arbeide med kunnskapsstoff på ulike måtar alt etter korleis dei lærer best.
- Vi har eit allsidig musikkmiljø ved skolen. Vi har mykje god musikkkompetanse blant personalet vårt. Vi har eit frivillig musikktilbod for ungdomsskolen på ettermiddagstid. I barneskolen har vi tilbod til elevane på 3. trinn om å lære å spele eit instrument. Elevane spelar også i friminutta, det høyrest både gitarspel og song i gangane..
- Sist men ikkje minst ser det ut til at vi greier å skape trivsel for både elevar og vaksne på skolen. Elevundersøkinga viser at 78 % av elevane som svarte, sa at dei trivst svært godt eller godt på skolen. Frå personalet kom følgjande utsegn::

*«Det er mykje vi kan være stolte av synes vi. Miljøet blant elevane våre er svært godt. Dei er ansvarsfulle , tek ansvar der dei må. Lite konflikter eller ingen, derav også minimalt med mobbing. Tonen blant dei tilsette og elevane er god. Miljøet på skolen generelt er godt. Vi har ein god arbeidsplass.»*

### Økonomi/ avviksrapportering

Ramme	Eining	Regnskap 2011	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2010
21	Julsundet skole	14 534	14 585	-51	-0,4	11 820

Vi har eit mindreforbruk på 51 000 kr for 2011. Ein meiner at skolebudsjettet i 2011 ligg på eit nivå der vi har handlingsrom til å drive ein god skole.

KOSTRA	Aukra	Neset	Eide	Aure	M&R
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor pr.elev	122.014	119.674	108.042	127.223	97.107

### Utfordringar for 2012

- Utfordringane for skolen framover blir at fleire og fleire elevar viser behov for ekstra hjelp og støtte. Dette får ein også signal om frå sakkunnig hald. Aukra kommune har til no hatt ord på seg for å vere ein god kommune å gå på skole i. Elevane har blitt tatt godt vare på og fått stort sett den hjelpa dei har hatt behov for.
- Det er eit ønske og ei utfordring for oss å oppretthalde det gode skoletilbodet også i framtida, og vi håper at det heile vegen vert stilt ressursar til rådvelde for dette.

Svein Løwe  
Rektor



# Barnebo barnehage



*Barnebo barnehage er ei pedagogisk verksemd etter Lov om barnehagar. Formål med og innhald i barnehagen er beskrive i §§ 1 og 2. Den daglege drifta skjer i 9 avdelingar ved Falkhytten, Furutun, Aukratun og Aukrahallen. Vi arbeidde med to fokusområde i 2011; "Synet på barn" og "Gjennom pedagogisk dokumentasjon skal vi studere/sjå etter korleis barn kan lære". Fokusarbeidet gjev personalet eit verkty å arbeide konkret og målretta med kvalitet i kvardagen.*

<b>Delmål frå budsjett 2011:</b>	<b>Kommentar:</b>
Jobbe for eit godt omdømme slik at vi kan behalde og utvikle dei gode medarbeidarane vi har og samtidig rekruttere nye kompetente medarbeidarar.	Vi har brukt utstillingsvindauga; nyheiter på heimesida, artiklar i kommuneavisa, månadsdokumentasjon til foreldra. Rekrutterte førskolelærar til fast stilling til nytt barnehageår og heimesida var ein av triggjarane for at ho søkte.
Auke nærværet gjennom realisering av forslag frå nærværgruppene	Ein reduksjon i nærværet totalt samanlikna med 2010, men det eigenmeldte nærværet auka ift det legemeldte.
Bevisst arbeide for tett kontakt mellom foreldra og personalet på avdelinga.	Den daglege kontakten i bringe- og hentetida er den viktigaste foreldrekontakten i barnehagen.
Administrasjonen vil være ein aktiv samarbeidspartnar for foreldrerådet og legge til rette slik at dei får medverke i saker som vedkjem dei som foreldre.	Foreldrerådet er aktivt med i utviklinga av kvaliteten på innhaldet i barnehagen.

## Nøkkeltal i 2011

- Nærværet gjekk ned med 2,6 % til 90,7 %. Det eigenmeldte fråvær er berre 1,8 %.
- Barnebo har tilsatt førskolelærarar i alle dei 10 stillingsheimlane vi har.
- Barnebo har 47 personar tilsett fast eller i vikariat i dei 29,9 årsverka i 2011.
- Barnebo barnehage består av;
  - 2 småbarnavd. a 18 plassar på Falkhytten,
  - 3 småbarnavd. a 18 plasser på Furutun,
  - 2 storbarnavd. a 18 plasser på Aukratun – leiger lokaler,
  - 2 storbarnavd. a 18 plassar i Aukrahallen – leiger lokaler.

## Dette er vi stolte av

- Å arbeide etter Reggio Emilia filosofien sitt syn på barn og læring, har gitt oss ei plattform i det pedagogiske arbeidet.
- Viktige utbetringar av det fysiske arbeidsmiljøet i Aukrahallen i dialog med GIL.
- Ein førskolelærar tek vidareutdanning i Norsk som 2. språk og fleirkulturell pedagogikk. Kompetanseheving er viktig i språkarbeidet, spesielt for dei fleirspråklege barna.
- 5 tilsette tek fagbrev i Barne- og ungdomsarbeidarfaget.
- Vi har vidareutvikla internopplæringa vår, slik at den tek inn i seg statlege styringssignal, fagleg oppdatering, fokusarbeid, HMS, inspirasjonskurs, m.m.

## Økonomi/avvik

Ramme	Eining	Regnskap 2011	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2010
22	Barnebo barnehage	15 764	16 092	-328	-2,0	3 521

Mindreforbruk er knytt til fastlønsposten som og forplantar seg til eit mindreforbruk på pensjonsinnskot KLP og arbeidsgjevaravgift. Meirinntekter på brukarbetaling.

KOSTRA	Aukra	Neset	Eide	Aure	Møre og Romsdal
Prosent av utgifter: Opphald og stimulering	83,5	81,8	78,5	93	84,6
Prosent av utgifter: Tilrettelagte tiltak	5,3	6,9	10,8	--	8,1
Prosent av utgifter: Lokaler	11,1	11,3	10,7	7,0	7,3
Andel barn som får ekstra ressursar til styrka tilbod for førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage	14,6	7,0	17,0	16,2	--
Korrigerte brutto driftsutgifter, per barn som får ekstra ressursar i kommunal barnehage	229 000	218200	354000	--	--

Andelen ressursar som vert brukt til opphald og stimulering aukar i Aukrabarnehagen (i 2010 var andelen 80,6) og andelen ressursar til lokaler minkar (var 13,5 i 2010).

Tabellen visar at andelen ressursar brukt til opphald og stimulering er lågare i Aukrabarnehagen enn i Eide og Aure, men høgare enn i Neset og enn gjennomsnittet for Møre og Romsdal.

### Utfordringar i 2012

- Barnebo er sårbar i periodar kor førskolelærarar har permisjon/er langtidssjukt. Vi får ikkje søkjarar til vikariat og har ikkje "buffer" av førskolelærarar som kan ta vikariat. For å sikre kvaliteten på tenesta er det eit ønske om å opprette ny stillingsheimel/gjere om heimel frå assistent til førskolelærar og slik rekruttere førskolelærar til fast stilling.
- Det skal utarbeidast teknisk tilstandsrapport for lokala på Aukratun.
- Planleggingsprosess av utbygging av 4. avdelinga på Furutun.

Sissel Oliv Garseth  
Styrar



# Bergetippen barnehage

*Bergetippen barnehage driv etter Lov om barnehagar med fire avdelingar, to i midlertidig paviljong. Det er to småbarnsavdelingar og to storbarnsavdelingar med opningstid 6.45 – 16.45. Visjonen vår : Trivsel for alle ! Satsingsområde : friluftsliv, kultur og språk.*



<b>Delmål frå budsjett 2011</b>	<b>Kommentar :</b>
Arbeide vidare med kunstprosjekt saman med lokal kunstnar	Våren 2011 var dei eldste barna på kunstverkstad hos lokal kunstnar. Barna fekk prøve trykketeknikkar og lage eigen kunst som vart montert og stilt ut på sommarfesten i juni.
Arbeide for trivsel og positivt fokus på arbeidsplassen og utanom arbeidstid.	Personalgruppa er blitt bevisste på trivsel og positivt fokus, med vekt på at vi skal vere ein barnehage sjølv om vi er på to hus. Sosialkomiteen har ekstra ansvar sosiale treff elles.
Auke kompetanse på språk og språkstimulering	Nokre i personalet deltek på ei kursrekke gjennom regionalt PPT-samarbeid, der det er ulike tema knytt til språk. Lærarar frå skolen deltek også på dette, noko som er eit godt grunnlag for samarbeidet om overgangen barnehage- skole.
Tilsetje assisterande styrar i 50 % stilling	Assisterande styrar vart tilsett frå 15.august 2011.
Samarbeide med arkitekt og utbygger om ei utbygging av Bergetippen som blir best mogleg for barn, foreldre og personale	Hausten 2011 vart det lyst ut arkitektkonkurranse for utbygging av Bergetippen. Personalet arbeidde parallelt med konkrete innspel på gode løysingar for ein funksjonell barnehage. Dette vart grunnlag for det konkrete arbeidet som startar våren 2012.

## **Nøkkeltal :**

56 barn ved opptak - 58 barn ved årsskiftet 11/12

10 gjestebarn haust 2011

4 pedagogstillingar – 1,9 på dispensasjon

Sjukefråvær 4.kvartal 12,8 %. Auka nærvær på 0,7 %.

## **Dette er vi stolte av**

- Nynorsk språkstimulering i barnehagen- samarbeid med Nynorsksenteret i Volda.
- Nynorsksenteret har laga film om prosjektet i Bergetippen
- Prosjektet er presentert av Nynorsksenteret i «Verktøykassa» - idemagasin for Pedagogisk Forum
- Vi har starta utvikling av lokalt forankra språkprosjekt- «Troll med ord» - med vekt på barn sitt ordforråd
- To i personalet tek førskolelærarutdanning, to av assistentane har teke fagprøve i barne- og ungdomsarbeidarfaget dette året.

## Økonomi/avvik

Ramme	Eining	Regnskap 2011	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2010
23	Bergetippen barnehage	7 653	7 688	-35	-0,5	2 152

I Bergetippen har vi halde oss innafør ramma i 2011.

KOSTRA	Aukra	Neset	Eide	Aure	Møre og Romsdal
Andel tilsette med førskolelærerutd.(%)	28,4	21,4	21,4	26,5	29
Andel assistentar med førskolelærerutd., fagutd. eller anna pedagogisk utd.(%)	38,9	23,1	40,6	16,7	--

Andelen tilsette med førskolelærerutdanning aukar i Aukrabarnehagen ( i 2010 var andelen 25%). Tabellen visar at andelen tilsette med førskolelærerutdanning er høgare enn dei kommunane vi samanliknar oss med, og på om lag same nivå som gjennomsnittet i Møre og Romsdal. KOSTRA-tala viser vidare at andelen assistentar med førskolelærer-, fag- eller anna pedagogisk utdanning varierar sterkt mellom kommunane.

### Utfordringar i 2012

- Vidareutvikle språkprosjektet «Troll med ord»
- Samarbeide med Julsundet skole om språkprosjektet
- Auke kompetanse i personalet om språkutvikling hos barn
- Bygge ut barnehagen med 2-3 permanente avdelingar
- Godt HMS-arbeid for å sikre best mogleg tilhøve for barn, personale og foreldre i ein krevjande utbyggingsfase

Berit Drejer  
Styrar



# Kultur

*Eininga har tilsette innafør tenesteområda ungdomsarbeid, kulturskole, bibliotek, flyktningsansvar, idrett og friluftsliv, samt God Helse.*

*Felles for tenesteområda er å ha fokus på utadretta arbeid som skaper dei gode kulturopplevingane. I stor grad er dette utført i samarbeid med dei frivillige i kommunen og gjeld alle fasar av prosjekta, - frå idé til gjennomføring. Dette styrkar også det langsiktige målet eininga har om ei heilskapleg utvikling av det haldningsskapande, førebyggjande og helsefremmande arbeidet.*



Delmål frå budsjett 2011:	Kommentar:
Gjennom Kulturplan oppnå målretta samarbeid mellom kommunens kulturaktørar	Ferdigstilling av Kulturplana vart utsett til 2012.
Vere pådrivar for å realisere tiltak i handlingsplana som tilhøyrer kommuneplan for idrett, aktivitet og friluftsliv	Fem søknader om spelemidlar vart sendt i 2011. Tre av desse fekk tilskot,- kunstgrasbana på Riksfjord, toalettanlegg på Eikrem og tursti mellom Lauvåsen og Hundetjønna. Søknad vedr. tribune- og garderobebygg på Riksfjord og apejungel ved Julsundet skule er formelt i orden, og vert fornya i 2012. Ballplass i Bukta fikk spelemidlar gjennom forenkla ordning.
Oppnå auka tilgjenge til friluftsområda i kommunen vår	Turstiprosjektet starta i januar. Ti ulike turstiprosjekt vart prioritert starta i 2011. Det har vore eit tett samarbeid mellom kommune, frivillige lag og Friluftsrådet kring ivaretaking av toalettbygg, turstiar og andre friluftsområde.
Vere pådrivar og tilretteleggjar for haldningsskapande arbeid og bevisstgjerjing av ungdom	Arrangerte MOT- og God Helse-helg i samarbeid med Eide, Fræna og Midsund. Utdanna nye <i>Ungdom med MOT</i> i samarbeid med Sandøy kommune.
Sette i verk tiltak retta mot ungdomsrådet, for å skape eit meir aktivt råd.	Arbeidet ble styrka gjennom samarbeid med politisk leiing.
Synleggjere satsingsområda innafør God Helse-programmet for innbyggjarane i kommunane	Oppstart av «Aktiv Senior», eit tilrettelagt aktivitetstilbod for pensjonistar i kommunen. «Aktiv på Søndag» eit nytt turtilbod til barnefamiljar. Alle barnehagane hadde deltakarar på kosthaldskurset «Fiskesprell».
Påverke til langsiktig og heilskapleg satsing på folke-helsetiltak i kommunale planer	Innspeil til kommuneplan for Aukra 2011 – 2020.
Medverke til utvikling av ein bustadsosial strategi, som omhandlar flyktningsområdet.	Ein slik plan involverer fleire tenesteområde. Dette arbeidet har ikkje kome i gang.
Oppnå integrering og inkludering av flyktingane i Aukrasamfunnet gjennom nettverksfremmande aktivitetar og tverrfagleg samarbeid	Fleire er elevar ved vidaregåande skole og nokre er i jobb. Foreldre deltek på foreldresamtaler i skole og barnehage. Dei som har stemmerett stemde under kommunevalet. Ungane er med i fritidsaktivitetar og det er fotballtrening for vaksne. Kvinnetreff er fortsatt ein populær møtestad, og fleire deltok med innslag på utescena i juli på Aukratorget.
Samhandling med næringslivet om praksisplassar for introduksjonsdeltakarane	Det opplevast vanskeleg å gjere avtale med næringslivet om praksisplassar.
Ta IKT aktivt i bruk som verktøy i undervisninga på Kulturskolen	Kulturskolen har gjort ei grunnlagsinvestering i nytt utstyr som er fagtilpassa.
Gjere biblioteket sine tilbod betre kjent blant innbyggjarane	Oppretta ein Facebook-profil i 2011. Blant framandspråklege er det Aust-Europearar som nyttar biblioteket mest.

Auke utlånstala på biblioteket med minst like mykje som fjoråret, 9 %.	Utlånet har auka med 8 % frå i fjor. Talet på besøk er om lag det same.
Arbeide for å vidareutvikle biblioteket som møteplass i lokalsamfunnet	Målsettinga om arrangement/tiltak for ungdom er ikkje gjennomført, og står på handlingsplana for 2012. Men biblioteket har i løpet av året hatt fleire arrangement for ulike aldersgrupper, alle med jamt over godt besøk.

#### Dette er vi stolte av

- Det politiske initiativet til «Trivselsåret 2011» og gjennomføring av idédugnad, resulterte i fleire tiltak som det blir arbeidd med for å realisere, m.a. to utekonserter på rådhusplassen..
- Samarbeidsprosjektet «Øyriket i Romsdal» var starta opp, ei felles reiselivssatsing i Aukra, Sandøy og Midsund. Kulturavdelinga har ei sentral rolle i forhold til utvikling av prosjektet.
- Turstiprosjektet har gitt moglegheit til å heve standaren på tursti-nettet i kommunen.
- Kulturskolen avslutta våren 2011 KulturskoleFOKUS3 (eit treårig kompetanseutviklingsprogram for kulturskolar i M&R og S&F) med produksjonen «Industri», som blei framført i Aukrahallen 8. april.
- Kulturskolen har i samarbeid med ungdomsarbeidar og foreldrerepresentant Geir Larsen gjorde eit arbeid for å informere og motivera elevar i kulturskolen til å melde seg på UKM. Dette gav gode resultat.
- Vi er stolt over at kommuneplana er tydeleg på at Aukra skal vere ein MOT-kommune.

#### Økonomi/avvik

Ramme	Eining	Rekneskap 2011	Buds(end) 2011	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2010
25	Kultur	8 294	8 885	-591	-6,7	13 228

Eininga fekk ei auke i ramme til dekking av tilskot til finansiering av utstillings- og magasinbygg på Romsdalsmuseet med kr 524.695, -. Tilskotet vart ikkje utbetalt i 2011. Når dette er tatt omsyn til har eininga eit mindreforbruk på om lag 67.000,-.

KOSTRA	Aukra	Neset	Eide	Aure	M&R 2011
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar i kr	2 695	1750	1233	1665	1 628
Kommunale driftstilskot til lag og foreiningar pr. lag som mottar tilskot	36 514	4917	6062	12900	17 199
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, pr bruk	17 611	3281	13476	10078	14 397

#### Utfordringar i 2012.

- Kulturavdelinga vil aktivt delta i prosessen når nytt basseng og kulturhus skal planleggast og byggast.
- Biblioteket har fokus på ungdom, målet er å få dei til å bruke biblioteket meir. Verkemiddel vi vil nytte for å få til dette er å ha eit eige arrangement for målgruppa, samt drive samlingsutvikling spesielt med tanke på ungdom.
- Med nye lovar har alle sektorar i kommunen fått eit lovfesta ansvar for folkehelsearbeidet. Dette lovar godt for framtida for det viktige tverrsektorielle folkehelsearbeidet.
- Kulturskolen skal i 2012 starte rullering av plan. Utfordringar vi ser og vil ta tak i er å sikre god kompetanse, samarbeid med foreldre, informasjonsflyt (nettsider, politisk orienteringar), administrativ rolleavklaring; organisering/årshjul, tydeleggjere verksemda som ressurs og kompetansesenter i samarbeid med aktuelle partar.
- Å skape dei gode opplevingane slik at ungdommen trivast i Aukra, er ei målsetting vi treng ungdommen med på for å lykkast.



Anne Jorunn Sandøy  
Kultursjef



# Pleie og omsorg

*Eininga Pleie og omsorg omfattar fleire avdelingar. Aukraheimen har 44 sjukeheimplassar, der eitt av romma er særleg lagt til rette for lindrande behandling. I tillegg kjem tilbod om dagopphald for 10–12 personar.*

*Heimetenesta yter tenester til 115 brukarar, og har ansvar for heimesjukepleie, praktisk bistand, trygghetsalarmar og lager for hjelpemiddel. Kjøkkenet lagar mat til bebuarane ved Aukraheimen, og til heimebuande som får middag levert. Bergtun bufellesskap for funksjonshemma har 9 bebuarar og Avlastingsbustaden har to plasser. I tillegg har Aukra dagsenter tilbod for funksjonshemma. Tenesta er organisert med pleie og omsorgssjef, assisterande pleie og omsorgssjef, 6 avdelingsleiarar, 2 konsulentar og helsepersonell i avdelingane. Til saman hadde pleie og omsorg 87 stillingsheimlar fordelt på om lag 140 tilsette i 2011*



Delmål frå budsjett 2011:	Kommentar:
Vurdere tenesteproduksjonen	Den faglege kvaliteten på tenestene blir vurdert kontinuerlig. Eit prosjekt om ernæring for heimebuande eldre og bebuarar i institusjon er starta opp. Serviceerklæringane er ikkje evaluert eller utarbeidd der dei manglar.
Alle tenestemottakarar skal ha enkeltvedtak.	Alle tenestemottakarar har fått enkeltvedtak ved tildeling av nødvendige tenester.
Vidareføre arbeidet med nærvær, arbeidsmiljø og handlingsplaner utarbeidd i høve medarbeidarundersøkinga i 2009.	To avdelingar har hatt kurs over tre dagar, med fokus på fag og arbeidsmiljø. Leiinga er i ferd med å evaluere arbeidet i nærværgruppene, og arbeider vidare med tiltak.
Det skal avviklast vernerunder i alle avdelingar.	Bergtun og Avlastingsbustaden har gjennomført vernerunder. Ved Aukraheimen og i Heimetenesta har det ikkje vore avvikla vernerunder i 2011.
Alle tilsette skal ha medarbeidarsamtale.	Dei aller fleste tilsette har hatt medarbeidarsamtaler. Avdelingane som har over 30 tilsette har avvikla medarbeidarsamtalene i grupper på tre personer. Dei tilsette har vore positive til gruppesamtaler.
Nærværet skal vere minimum 93%.	Nærværet i Pleie og omsorg var i 2011 på 89,3 %. Nye tiltak for å auke nærværet: <ul style="list-style-type: none"> <li>• IA-arbeid i tett samarbeid med BHT og NAV.</li> <li>• Prosjekt for auke i grunnbemanning frå 2012.</li> <li>• Faste tilsettingar i Vikarpool frå 2012.</li> </ul>
Kompetanseplan skal utarbeidast og gjennom kompetanseutvikling ha fokus på førebygging, rehabilitering, aktivisering og omsorg ved alvorleg sjukdom og død	Fleire kompetansetiltak er i gang eller ferdige: <ul style="list-style-type: none"> <li>-Fem assistentar har delteke på vaksenopplæring der målet var fagbrev som helsefagarbeider eller reinhaldar. To av desse har tatt fagbrev.</li> <li>-To fagarbeidarar deltok i vidareutdanning ved Høgskulen i Volda. Tema var Aktiv omsorg – miljøterapi for demente.</li> <li>-23 tilsette deltok i studiesirkel kalla Demensomsorgens ABC.</li> <li>-Tre sjukepleiarar tek vidareutdanning i eldreomsorg og aldring ved Høgskolen i Molde.</li> <li>-Palliasjonsgruppa, tre sjukepleiarar, har delteke på kurs og opplæring i omsorg ved alvorleg sjukdom og død. Dei har og utarbeidd brosjyre og prosedyrar for fagområdet.</li> <li>-To helsefagarbeidarar er i gang med vidareutdanning i psykiatri ved fagskolen i Kristiansund.</li> </ul>

Oppretta lære plasser skal vere i bruk.	Fire av seks lære plassar er i bruk. Vi har ein kokkelærning, ein aktivitørlærning og to lærlingar i helsefag.
Etablere samarbeidsteam for barn og unge med store bistandsbehov.	Samarbeidsteamet kom i drift i august 2011. Avlastingsbustaden har fokus på utvikling av ei aktiv og meiningsfull fritid for brukarane av tenesta
Gjere støttekontakttenesta for barn og vaksne til ein integrert del av tilbodet i avlastingsbustaden.	Dette må arbeidast vidare med, både administrativt og politisk.

### Dette er vi stolte av

- Sørbo har fått ei triveligare i daglegstova med nye møblar. Nordbo skal fornye møblane i 2012.
- Kjøkkensjefen har oppretta ei tverrfagleg ernæringsgruppe der alle avdelingane er representerte. Gruppen skal sikre kvaliteten i arbeidet med ernæring for våre brukarar.
- Brukarar, pårørande og tilsette er godt fornøgdde med samarbeidsteam for unge med stort bistandsbehov som starta i august.
- Avdelingsleiar har starta eit aktivitetsprosjekt for barn i Avlastningsbustaden. Saman med ungdom på Bergtun og støttekontaktane arrangerte dei diskotek med stor suksess. Påskeverkstad og sommarfest er planlagt.
- Bergtun erfarer at samarbeidet med habiliteringstenesta i fylket er svært godt.

### Økonomi/avvik

Ramme	Eining	Regnskap 2011	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2010
30	Pleie og omsorg	55 459	55 134	326	0,6	50 587

Overforbruket er knytt til lønsutgifter. På grunn av stort press på tenester i eininga har nokre avdelingar i kortare periodar auka bemanninga, for å vere i stand til å yte nødvendige helsehjelp. Vanskar med å skaffe kvalifiserte vikarar har ført til auka bruk av overtid.

KOSTRA	Aukra	Neset	Eide	Aure	M&R
Korrigerte brto dr.utgifter, institusjon, pr. kommunal plass	793500	821310	740024	994735	846609
Korrigerte brto dr.utgifter, pr. mottakar av heimetenester	197529	214014	119878	182192	203891

### Utfordringar i 2012

- Gjennom samhandlingsreforma har kommunen fått ansvar for rehabiliteringstenestene til ferdigbehandla pasientar frå sjukehuset. Kompetansen og kapasiteten på området må styrkast.
- Tilgangen på kvalifisert personale er stadig ei stor utfordring.
- Talet på pasientar med demenssjukdom er stigande. Fleire av desse vil trenge skjerming, og dei store opne sjukeheimsavdelingane ved Aukraheimen er ikkje tilpassa deira behov. Heimebuande i denne pasientgruppa treng stadig større ressursar frå Heimetenesta.
- Avlastingsbustaden er trong og arbeidsforholda er ikkje gode. Dei tilsette vil få ein svært krevjande arbeidskvardag i tida før den nye bustaden står ferdig i 2013.

Åse Breivik  
Pleie og omsorgssjef



# Helse

*Helsetenesta har ansvar for drift av ambulansebåt, legeteneste og legekontor, psykiatri og dagsenter for psykiatri, fysioterapi-tenesta med ergoterapi og hjelpemidlar, og førebyggjande tenester som helsestasjon, skulehelseteneste og jordmortenesta. I tillegg kjem beredskap, krisehandtering, miljøretta helsevern og drift av helsesenteret.*



Delmål 2011:	Kommentarar:
Råd om førebyggjande tiltak skal gis for å hindre at sjukdom utviklar seg og at funksjonstap oppstår	Ved helsestasjon og legekontor gis det informasjon om førebyggjande tiltak. I tillegg har kommunen eit godt tilbud, «Aktiv på dagtid», som og bidreg til betre folkehelse.
Alle barn og unge skal få tilbud om vaksinasjon etter nasjonale retningslinjer og alle gravide som treng oppfølging av jordmor skal få tilbud om det.	Vi har full vaksinasjonsdekning og alle gravide som ber om jordmorteneste får det. I tillegg har vi eit godt tilbud med ultralydundersøking ved legekantoret.
Arbeidsmiljø og inneklima skal vere tilrettelagt og tilpassa brukaranes behov.	Vi har ikkje fått gjort noko med dårleg ventilasjon ved helsesenteret. I tillegg har vi stort arbeidspress og fleire oppgåver som vert lagt til primærhelsetenesta med auka krav både frå NAV og frå helseføretaka. Romma er dårleg lydisolert. Opplæring i nytt dataprogram ved legekantoret har tatt tid og driftsproblem i kommunalt IKT kombinert med tregt nettverkt gir utfordringar for effektiv drift og verker negativt inn på arbeidsmiljøet. Turnuslegen, ergoterapeut, psykiatrisk sjukepleier og fysioterapeutane har fått nye kontor som er pussa opp.
Det skal bli lagt til rette for god opplæring og arbeidsmiljø for turnuslegar og legestudentar som skal ha opplæring i allmenntedisin og samfunntedisin.	Vi får gode tilbakemeldingar frå legestudentar og turnuslegar som synes tida i Aukra er lærerik, utfordrande og spanande. Legevaktsamarbeidet får svært god tilbakemelding.
Beredskapen skal vere god og dimensjonert etter risiko og sårbarheitsanalysar slik det går fram av plan for beredskap for helsetenesta.	I dag er ambulanspersonell stasjonert på Midsund og må fraktast over med båt. I tillegg er politiet store delar av døgnet i Molde slik at helsetenesta er avhengig av brannvesenet i Aukra. Samarbeidet med dei er vi svært godt nøgd med. Ved behov for krisehandtering har vi liten kapasitet. Psykiatrisk sjukepleiar (ikkje busett i kommunen), lege/legevakt lokalt og prest er førstelineteneste.
Kommunen skal ha oppdaterte planer for helseberedskap, smittevern, pandemi og infeksjonskontroll. Det blir lagt vekt på tverrfaglege øvingar for redningsmannskap	Vi har planar som stort sett er oppdatert og kan nyttast. Vi har hatt tverrfagleg øving i regi av Norsk luftambulanse, men sakna deltaking frå politi lokalt og frå fleire som jobbar i ambulansetenesta.
Alle som har individuelle planar skal få det ut i frå faglege vurderingar.	Individuell plan er eit samarbeid mellom NAV, helsestasjon, fysioterapi og ergoterapi i tillegg til andre faggrupper. Vi er ikkje nøgd med korleis dette er organisert og bør ta ein gjennomgang av dette.

Miljøretta helsevern skal ha fokus på faktorar i miljøet som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa.	Drikkevatt, kloakk og trafikktryggleik er godt ivaretatt i kommunen. Det kjem opp enkeltsakar kor forskrift vert nytta og kor samfunnsmedisinske vurderingar vert gjort.
Fysioterapitenesta skal saman med ergoterapeut gje befolkninga behandling og rehabilitering etter behov, i nært samarbeid med lege og pleie- og omsorgstenesta.	Det er for lang ventetid på fysioterapitenesta og for lite etterspurnad etter ergoterapivurderingar. Vi unytter ikkje godt nok tverrfagleg samarbeid med klare målsettingar i aktiv rehabilitering.

### Dette er vi stolte av

- Ved lege kontoret har vi tatt i bruk betalingsautomat for å frigjere arbeidskapasitet for våre sekretærer som kan konsentrere seg om å gje teneste til dei som treng det.
- Vi har i dag eit avansert tilbod med ultralyddiagnostikk som gir betre diagnostikk og behandling og som sparer oss for unødvendige henvisningar til sjukehusa.
- Ombygginga av ambulansébåten har gått etter planen sjølv om kostnadene var større enn berekna først og fremst pga at det ikkje var budsjettert nok til reservebåt. Motorpassarane har tatt utdanning som ambulansearbeider og har i tillegg hospitert/jobba ved ambulansestasjon i Fræna kor dei har fått svært god opplæring.
- Oppussing av helsesenteret er godt i gang.

### Økonomi/avvik:

Ramme	Eining	Regnskap 2011	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2010
40	Helse	11 193	11 842	-648	-5,5	9 174

Helsetenesta brukte 648.000 kroner mindre enn budsjettert mellom anna på grunn av at ein større del av driftsbudsjettet for ambulansébåten vart dekt av helseføretaket i 2011. Dette kjem av mindre legevaktskjøring og fleire oppdrag for helseføretaket. Dessutan vart det brukt mindre på dagsenter drift og løn helsestasjon.

### Utfordringar i 2012:

- Ombygging av helsesenteret er i gang og nytt ventilasjonsanlegg skal på plass. Vi har ein svært travel arbeidsplass med opptil 100 pasientar om dagen som er innom legekantoret. Pågangen er stor og vi får store utfordringar under ombygginga. Vi har og ambisjon om å innføre time same dag ved legekantoret.
- Vi er ikkje nøgd med IKT som fortsatt har for store manglar på mange områder.
- Prosjektet med dagsenter/aktivitetstilbod vert starta opp i mai 2012 og rapport føreligg neste sommar. Interkommunalt samarbeid om helsestasjon for ungdom blir det fokusert på og i forbindelse med servicekontor må ein sjå på organisering av m.a. individuell plan og rehabilitering.
- Anbod på ambulansébåt og ambulansestasjon blir vurdert og bestemt i 2012 og er viktig å få på plass.
- Elles vert det tilsett ny kommunefysioterapeut og helsesøster i 2012, men kan få problem med å rekruttere kvalifisert personell.
- Prosjekt «God Skulestart» med tverrfagleg førebyggjande samarbeid mellom skule, barnevern, PPT, fysioterapi og helsesøster kjem i gang i 2012.
- Fallførebyggjande tverrfagleg arbeid er også på trappane i 2012.



Roald Borthne  
Helsejef


# NAV Aukra

NAV Aukra er eit arbeids- og velferds kontor som yter både statlege og kommunale tenester. På den kommunale sida har vi ansvar for sosialadministrasjonen i kommunen, sosialtenesta sine generelle oppgåver, sosiale tenester, økonomisk stønad, støttekontakt/avlastning, særlege tiltak overfor rusmiddelbrukarar, Husbanken sine lån- og tilskotsordningar, og råd og rettleiing i samband med dette.

NAV Aukra vil stå fram som ei profesjonell eining som gjev menneske moglegheiter og tenkjer arbeid først ved oppfølging av brukarar.

Vi samarbeider med fleire kommunale einingar og er aktiv overfor våre eksterne samarbeidspartnarar.

Saman med våre statlege tenester, er fagspekteret vårt veldig breitt. Dette, saman med at vi i heile året har hatt ei stilling vakant, har vore ei krevjande utfordring for oss også i 2011.



Delmål frå budsjett 2011:	Kommentar:
Særleg fokus på å gje eit tilbod til dei yngste brukarane våre.	Det er oppretta eit godt samarbeid med skulen si oppfølgingsteneste, slik at vi har moglegheit til å finne ei tidleg løysing og gje eit tilbod til våre yngste brukarar. Det er avtalt at oppfølgjingsstjenesten raskt skal ta kontakt med vår kontaktperson på NAV Aukra.
Vidareføre arbeidet med Kvalifiseringsprogrammet, og slik bidra til at fleire i målgruppa kvalifiserar seg til og kjem seg ut i arbeid og aktivitet gjennom tettare og meir forpliktande bistand og oppfølging.	Kvalifiseringsprogrammet vart i 2010 etablert av NAV Aukra som eit tilbod i kommunen for personar med vesentlege nedsette arbeids- og inntektsevne og med ingen, eller sær avgrenda, yting i folketrygda. Programmet skal bidra til at fleire brukarar i målgruppa kvalifiserer seg til og kjem ut i arbeid og aktivitet. I 2011 har alle brukarar som har vore aktuelle for kvalifiseringsprogrammet fått tatt del.
Sikre at tenestene som rusmiddelbrukarar treng, er tilgjengeleg når det er behov for tenestene, og sikre at dei får den oppfølginga, rehabiliteringa og inkluderinga dei treng.	NAV Aukra har ansvar for oppfølging av rusmiddelbrukarar etter kap. 3 og kap. 10 i Helse- og omsorgstenestelova. Denne gruppa blir følgt opp med tanke på å behalde arbeid eller kome seg ut i aktivitet. Vi har samarbeidd tett med andre einingar i kommunen for at denne gruppa skal få den oppfølginga dei treng. Når det gjeld rehabilitering har vi i 2011 samarbeidd med rehabiliteringsinstitusjonar i Rus-Midt og rusteamet ved Knausen DPS. I løpet av 2011 har vi også hatt ei kompetanseheving innanfor området då ein av dei tilsette ved NAV Aukra har teke vidareutdanning i Rus – samfunnsproblem, førebygging og behandling ved Høgskolen i Volda. I februar 2012 inngjekk Aukra kommune eit prosjekt i samarbeid med Fylkesmannen og Kompetansesenter Rus for å utvikle arbeidet om individuell plan for personar med rusproblem og psykiske lidningar. Rettleiar ved NAV Aukra er prosjektleiar for dette prosjektet.
Gje våre tilsette tilbod om opplæring, fagmøter, kurs og etterutdanning for å møte brukarane sine samansette behov for tenester og oppfølging.	Vi har gjennomført fagmøter internt i NAV Aukra kvar veke. Våre tilsette har deltatt på fleire kurs i regi av NAV Møre og Romsdal og Fylkesmannen. Vi har også tatt del i fleire nettverksfora saman med tilsette frå andre NAV kontor. Ein av våre tilsette har gjennomført og suksessfullt avslutta vidareutdanning i Rus – samfunnsproblem, førebygging og behandling ved Høgskolen i Volda. I tillegg har vi heva kompetanse innan området gjeldsrådgeving.
Vere pådrivar for å styrke samarbeidet mellom einigane i kommunen slik at ein kan nyttiggjere den samla fagkompetansen i kommunen til brukarane sitt beste.	I løpet av 2011 er samarbeidet betydeleg utvida. Det er oppretta eit godt samarbeid med fleire kommunale einingar, mellom anna blir det gjennomført månadleg samarbeidsmøte med barnevernet, helsestasjon og psykiatrisk sjukepleiar. Vi samarbeider også tett med folkehelsekoordinator, spesielt når det gjeld å få brukarar i aktivitet fram til oppfølginga kan rettast mot arbeid. NAV Aukra har gjennomført to fellesmøter med kommunen sine legar. Det er også starta opp eit samarbeid med jordmor, der vi bidreg med informasjon på fødselsførebuande kurs.

## Nøkkeltal

- Det er gjeve økonomisk sosialhjelp til 37 personar. 27 av desse fekk stønad i mindre enn fire månadar.
- Samla er det utbetalt økonomisk sosialhjelp med kr 856 525.
- Det er framleis aukande etterspurnad etter gjeldsrådgeving.
- Det er innvilga startlån med kr 3 995 000. I tillegg er det gjeve tilsegn om startlån for kr 720 000.
- Det er i snitt kvar månad 18 personer som mottok støttekontakt.
- Ein person fekk vedtak om deltaking i Kvalifiseringsprogrammet. Fire personar fekk vidareført sitt program frå 2010.

## Dette er vi stolte av

Vi er spesielt stolt over at NAV Aukra står fram som eit kontor som yter god service overfor brukarane og samarbeidspartnarane. I brukarundersøkinga 2011 fekk vi ein score i den øvste delen av skalaen på alle spørsmåla som vart stilt. Det tyder på at den største delen av brukarane våre er veldig tilfreds med tenestene og servicen vi yter. Dette viser seg også ved at NAV Aukra i heile 2011 ikkje har mottatt noko form for serviceklage og at vi får mange positive tilbakemeldingar frå våre samarbeidspartnarar. Vi er også stolt over det gode arbeidsmiljøet vi har på kontoret og av at vi er samarbeider godt både internt og eksternt.

## Økonomi

Ramme	Eining	Regnskap 2011	Buds (end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2010
50	NAV	4 232	4 233	-1	0,0	4 458

NAV Aukra har i 2011 hatt god styring på økonomien. Det er ingen avvik på ramma i sin heilheit. Vi har derimot hatt høgare utgifter enn budsjettet på hjelp til livsopphold og støttekontakt/avlastning. Budsjettet for 2012 er auka for dei to områda.

KOSTRA	Aukra	Neset	Eide	Aure	M&R
Netto driftsutg. til sosialtenesta pr. innbyggjar, kroner	839	261	663	665	1198
Andel netto driftsutg. til råd, rettleiing og førebyggjande arbeid, prosent	74,6	16,1	62,1	46,8	56
Antall sosialhjelpsmottakarar	37	51	74	74	4717
Andel sosialhjelpsmottakarar i høve 1 innbyggjarar, prosent	1,1	1,7	2,1	2,1	1,8
Andel sosialhjelpsmottakarar i alderen 20-66 år, av innbyggjarane 20-66 år, prosent	2	2,9	3,7	3,6	3,1
Andel sosialhjelpsmottakarar med stønad i 6 månadar eller meir, prosent	19	8	30	31	27
Andel sosialhjelpsmottakarar med sosialhjelp som hovedinntektskjelde, prosent	21,6	19,6	32,4	37,8	39,1

## Utfordringar 2012


- Oppretthalde same gode tenestenivå
- Kunne yte like gode tenester til det aukande talet på utanlandske brukarar
- Dekkje aukande etterspurnad etter støttekontaktar

Nadine Deidok  
Leiar NAV Aukra



Foto: Svein Baadnes

# Plan og utvikling



*Eining for Plan og utvikling sine arbeidsområder er kommuneplan, byggesak, oppmåling, regulering, landbruk, miljø og naturforvaltning, viltforvaltning og næringsretta tiltak. Eininga har fem tilsette. I tillegg kjøper vi ei halv stilling frå Fræna på landbrukssaker.*

*I 2011 var einingsleiar Kjell Lode tilbake etter permisjonen Vi har i 2011 hatt tilsettingar i engasjement i samband med ajourføring av geografiske informasjonssystem.*

<b>Delmål frå budsjett 2011:</b>	<b>Kommentar:</b>
Arbeidet med kommuneplana sin tekstdel – samfunnsplan, skal verte stadfesta tidleg i 2011.	Vart vedtatt i juni 2011.
Rullering av kommuneplana sin arealdel vil bli oppstarta og at det blir jobba for å skape engasjement for denne prosessen hos både politikarar og innbyggjarar.	Vart ikkje starta i 2011. Planprogram vart vedtatt i januar 2012.
Rullering av trafikktryggingssplana.	Det var annonsert oppstart i november 2010, men arbeidet vart ikkje starta opp i 2011.
Igangsetting av tiltaka stimuleringsstiltak til landbruket og miljøsertifisering av 2 avdelingar i kommunen, knytt til Energi, miljø- og klimaplana.	Stimuleringsstiltak til landbruket vart lyst ut i april 2011. Arbeidet med miljøfyrtårnsertifisering vart ikkje prioritert i 2011.
Starte arbeidet med planstrategien for Aukra kommune jfr ny planlov.	Førebuing av planstrategi vart gjort parallelt med samfunnsplana. Planstrategien skal leggest fram for nytt kommunestyret innan deiraførste år.
Ferdigstilling av oppstarta reguleringsplanar i kommunal regi.	I 2011 var det 39 større og mindre regulerings-saker under arbeid, halvparten av dette var private reguleringsplaner. Ca.30% var mindre planendringar.

## **Dette er vi stolte av**

- Politisk stadfesting av kommuneplanen sin samfunnsdel og Aukra kommune sin strategiske næringsplan.
- For å ha eit grunnlag for utarbeiding av ei forvaltningsplan, har eininga ferdigstilt ei kartlegging av leplantefelt og kanalar på Gossen.
- Det historiske byggesakarkivet er no digitalisert. Siktemålet er å gjere dette tilgjengelig for publikum.
- Vi har ikkje etterslep på oppmålingssaker, og vi held saksbehandlingsfristane i bygge- og delingssaker med god margin.
- Vi er snart i mål med digitalisering av leidningsnettverket og kummar i kommunen.
- Gjennomført breibandutbygging for om lag 3 millionar.

## **Økonomi/avvik**

<b>Ramme</b>	<b>Eining</b>	<b>Regnskap 2011</b>	<b>Buds(end)</b>	<b>Avvik</b>	<b>Avvik i %</b>	<b>Regnskap 2010</b>
60	Plan og utvikling	3 452	2 902	550	19,0	2 212

Eininga sine utgifter vart kr.366.000 lågare enn budsjettet. Dette skuldast vakanse i delar av året i to stillingar. Vi mottok kr.235.000 i refusjonar.

Aukra kommune fekk ikkje overført midlar til det kommunale næringsfondet i 2011, og vi fekk då ei bortfall av inntekter på kr.350.000,- . Konsekvensen var eit meirforbruk på næringsfondet på kr. 108.000. Fondet var ved inngangen til 2011 var på kr.523.977.

Feilbudsjettering når det gjaldt byggesaksfond førte til at driftsutgifter på kr.450.000 måtte finansierast over ramma.

Det vart utført færre reguleringstenester for interne prosjekt enn planlagt, slik at sum internkjøp vart kr.218.000 lågare enn budsjettet.

<b>KOSTRA</b>	<b>Aukra</b>	<b>Neset</b>	<b>Eide</b>	<b>Aure</b>	<b>M&amp;R</b>
Brtdr.utg. fysisk pl.legging, kulturminner, natur og nærmiljø pr.innb.	1465	892	541	1237	875
Brtdr.driftsutg. til plansaksbehandling pr.innbygger	544	182	95	229	182
Brtdr.driftsutg. til bygge-, delesakbeh. og seksjonering pr.innbygger	264	146	152	404	212
Brtdr.dr.utg til kart og oppmåling	292	308	257	445	256
Ntdr.driftsutg. til tilrettelegging og bistand for næringslivet pr. innb. i kroner	1739	-1416	57	737	159
Ntdr.driftsutg. til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling pr. innb. i kroner	262	80	184	0	22

### Utfordringar i 2012

- Framdrift av kommuneplana sin arealdel
- Sentrumsplana for Falkhytten
- Koordinering plan, utbygging, byggesak for viktige kommunale byggeprosjekt.
- Matrikkelarbeid og oppmålingstenester

Kjell Lode  
Plansjef





# Teknikk, eigedom og brann



*Teknikk, eigedom og brann har 18,6 stillingar pluss brannmannskapet (10 personar). Eininga har si verksemd innafør budsjettansvar 62 teknisk drift, budsjettansvar 65 brann og budsjettansvar 69 store utbyggingsprosjekt. Eininga utfører oppgåver innanfor vatn, avløp og renovasjon, kalla VAR-området. Vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar, kommunal vegar og brannvern. Eininga har stor aktivitet med gjennomføring av investeringsprosjekta innafør bygg og anlegg. Denne aktiviteten er stor i vår kommune.*

Delmål for 2011	Kommentar
Produksjon og leveranse av vatn er ei svært viktig oppgåve innafør TEB.	Det har ikkje vore kritiske avvik i 2011 som vedkjem kvaliteten på vatn ut av anlegget. Vi har hatt eit avvik på pumpedrift og kvalitet på aluminiumssulfat som blei korrigert. Vi har hatt 4 leidningsbrot i 2011- alle på asbestsementleidningar. Vi gjennomførte driftsoperatørutdanning innafør vassanlegg for ein medarbeidar i 2011. (Samla 3 medarbeidarar med denne bakgrunnen i 2011)
Fokus på vedlikehald av bygningsmasse, samt å ta igjen etterslepet.	Det er gjennomført planlagt vedlikehald av bygningsmassen.

Feiing har i 2010 vore utført av Molde brannvesen i samsvar med gjeldande lover og føresegner.

## Dette er vi stolte av

- Utbyggingsprosjekta har gått bra i 2011. Nemner her utbygginga av nye Riksfjord skole som har gått innafør ramme for framdrift og økonomi.
- Vidare utbygging av bustadfeltet Falkhytten sør med tekniske anlegg og avløpsanlegget Falkhytten – Horrem er begge under gjennomføring innafør planlagt framdrift og økonomi.
- Det har vidare vore er bygd ut nye veglysanlegg med LED belysning, samla 7.4 km (Solem-Rindarøya, Riksfjord-Haugland, Holmesundet og Sentrum).

## Økonomi/avvik:

Ramme	Eining	Regnskap 2011	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2011
62	Teknikk, eigedom og brann	9 213	10 274	-1 062	-10,3	8 985

Vi fekk ikkje gjennomført tilleggsøyvinga gitt for utskifting av vindauge ved ASAS-bygget hausten 2011 av praktiske årsaker (kr 525.000).

Ramme	Eining	Regnskap 2011	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2010
65	Brann og beredskap	3 889	3 477	412	11,8	4 252

Fråfall av budsjettert refusjon frå private på kr 384.000. (Det ikkje budsjettert med denne inntekta i 2012).

Samla for TEB sine ansvarsområde 62 og 65 er drifta under tildelt ramme med kr 642.240 i 2011. Årsaken til dette er at ein større del av løn er belasta investeringsprosjekter enn tilfellet var i 2010. Det vil seie at fleire arbeidstimar er lagt ned i prosjekter som er investeringsfinansierte og noko mindre i driftsfinansierte tiltak.

For ansvar 69, store prosjekt, viser ein til rekneskaps- og ferdigrapportane.

<b>KOSTRA</b>	<b>Aukra</b>	<b>Neset</b>	<b>Eide</b>	<b>Aure</b>	<b>M&amp;R</b>
Vatn (gebyr i kr.)	2424	3828	2108	2028	
Avløp (gebyr i kr.)	2409	1810	3126	2808	
Renovasjon (gebyr i kr.)	2966	2543	2608	2080	
Feiing (gebyr i kr.)	320	394	441	327	
Septiktømming	1235	830	1242	880	
Gang- og sykkelveg i km som er kommunalt ansvar pr 10 000 innbygger	109	3	15	14	
Kommunalt disponerte boliger pr 1000 innbyggere	13	16	24	19	21

#### Utfordringar for eininga framover:

- Gjennomføring av dei mange investeringsprosjekta er ei utfordring. Nokre av dei er store prosjekta har lange interne prosessløp der det er mange mogelege forhold som kan sinke framdrifta. I tillegg kjem eksterne prosessar og partsforhold som kan påverke framdrifta. Eksempel på dette er problem med regulering, erverv eller kontrahering, noko som ikkje heilt kan identifiserast før prosessen er i gang.  
Det er nødvendig med sterkt fokus på framdrift og så langt som mogeleg å unngå at prosjekta står for lang tid i ventemodus for avgjerder.  
Samla har TEB ca. 60 større og mindre prosjekt under prosess ved årsskiftet. Det vil seie aktivitet som er mellom oppstart og ferdigstilling. Nemner kort nokre av dei store prosjekta, som ny skole på Falkhytten og i Julsundet, basseng og kulturhus, samt gang- og sykkelveg Falkhytten – Rød. (I juni 2012 startar ein ny medarbeidar og eininga har då ca 3,5 stillingsheimlar innafør utbyggingsprosjekt).
- Arbeidet med fornying av vassleidningsnettet og koordinering av dette arbeidet med utfasing av vasstærnet, vert ei utfordring i 2012 og 13.

Terje Urdshals  
Teknisk sjef

